Sommaren og hausten 2015 har vore nytta til synfaringar og utarbeiding av analyser. Det har vore fleire gjennomgangar av analyser og oppdraget er no godkjent og NEE har levert analyser med god kvalitet og med ei tiltakspakke som er minst like god som dei vann konkurransen med. I tillegg er det dokumentert mange tiltak som både er lønsame og som inneber oppgradering av tekniske anlegg og bygg.

For analysefasen har kommunen betalt 325.000 kr eks mva.

Det er i tillegg inngått avtale om energimerking av bygga til sum kr 120.596 eks mva. Denne energimerkinga blir naturleg nok gjort etter at tiltak er gjennomført. Dette er ein eingongskostnad som er tatt med i prosjektet og er lovpålagt å gjennomføre.

Investeringsprosjektet kan delast i tre

1. EPC-prosjekt – kontrakt med NEE. Her er det inkludert ny glasfasade og nytt tak på Ivar Åsen – bygget med sum ca kr 9,0 mill kroner, som blir flytta over til punkt 3 ved avgjerlse om gjennomføring av etasjen.
2. Gjennomføring av energiltak i eigen regi i EPC-bygg, finansiert med eksisterande lånemidlar, eller eventuelt med bidrag frå statleg tiltakspakke dersom det kjem i revidert nasjonalbudsjett eller i statsbudsjettet for 2017.
3. Etablering av 3. etg på Ivar Aasen bygget.

Del 1: EPC-prosjekt – utført av NEE

Kvart einaste tiltak beskrive og tilbode av NEE er vurdert. Så er det plukka ut 207 ulike investeringstiltak, i tillegg til eit overordna SD-anlegg (sentral driftskontrollanlegg) og 8 stk info-skjermar plassert i desse bygga: Volda ungdomsskule, Øyra skule, Bratteberg skule, Dalsfjord skule, Folkestad skule, Rådhuset, Samfunnshuset og Omsorgssenteret.

Oversikt del 1:

Filknr	Prosjektnr	Bygg	Analyse-ansvarlig	Besparelse				Investering		Lønnsomhet		Antall tiltak	Forbruk grunddataskjema	
				Energi KWh/år	Effekt KW/år	Arbeid/annet kr/år	Kroner kr./år samlet	Engk kr	Nåverdi kr	Inntjeningsstid år	Forbruk før ensk		% besparelse	
1	780100	Paviljong B	HNS	4 261	-	-	2 778	75 920	-38 340	58,0	3	33 396	13 %	
2	780200	Volda Radhus	TH	63 850	10	7 100	44 898	418 200	64 996	11,1	4	581 251	11 %	
3	780300	Mork gamle skule (felles med den nye sk)	MPV	71 957	86	7 100	49 061	1 539 493	-886 058	96,0	10	203 104	35 %	
4	780400	Legesenteret	BS	114 510	-	7 100	81 761	387 400	457 165	5,2	6	447 188	26 %	
5	780500	Dalsfjord skule	MPV	56 097	70	7 100	58 673	601 940	191 111	12,4	6	227 302	25 %	
6	780600	Lettbygg	BS	23 363	-	7 100	20 047	598 992	-362 949	76,7	4	100 316	23 %	
8	780800	Bratteberg skule	IB	178 507	128	7 100	142 726	2 178 500	-228 549	20,7	8	340 801	52 %	
10	781000	Vikebygda skule A nye	RT	37 439	-	7 100	31 511	1 081 516	-679 910	-	8	72 966	51 %	
11	781100	Vikebygda skule B gamle	BES	36 924	-	7 100	31 175	1 278 184	-851 684	-	12	80 577	46 %	
12	781200	Ivar Aasen bygget	HSK	271 319	65	1 421 300	1 588 680	15 227 070	15 061 799	11,9	13	447 108	61 %	
13	781300	Folkestad skule	IB	84 403	33	7 100	62 277	2 616 900	-1 815 481	-	13	304 820	28 %	
14	781400	Volda ungdomsskule	BS	275 269	40	31 010	210 732	4 257 602	-1 674 583	31,5	12	595 232	46 %	
15	781500	Omsorgssenteret-inkl forbruk for Barstadi	DR	1 281 615	212	21 300	783 688	5 462 790	5 788 616	7,9	7	2 419 158	53 %	
17	781700	Austefjord skule bygg A	IB	61 716	9	7 100	43 435	977 400	-511 484	38,0	7	327 437	19 %	
18	781800	Lauvstad barnehage	MPV	13 684	-	-	8 922	507 829	-388 018	-	5	45 848	30 %	
19	781900	Engeset barnehage	TH	38 045	-	7 100	31 907	365 030	-13 145	14,2	9	110 111	35 %	
20	782000	Mork barnehage	HNS	16 151	-	7 100	17 631	213 950	-28 928	15,3	6	89 854	18 %	
21	782100	Folkestad omsorgsenter	VVS	40 266	-	-	26 655	226 400	91 806	10,0	4	220 011	18 %	
22	782200	Oppigarden Barnehage	BS	13 858	-	7 100	16 136	198 100	-36 440	15,5	7	96 741	14 %	
23	782300	Sollia Barnehage	HNS	11 540	-	7 100	14 624	205 570	-57 659	18,5	5	111 042	10 %	
25	782500	Smiebakken 4	ATL	7 946	-	500	5 681	26 673	54 964	5,1	3	49 352	16 %	
31	783100	Nilletun	BS	130 090	-	1 210	72 111	4 378 196	-3 249 325	-	12	340 057	38 %	
33	783300	Fjordsyn (rehab 2006, har vasker vann V)	IB	43 486	-	-	23 700	183 100	69 142	8,9	6	286 549	15 %	
34	783400	Voldahallen	TH	63 000	68	400 000	454 735	2 646 870	5 984 439	6,5	7	196 521	32 %	
35	783500	Samfunnshuset	IB	187 300	85	1 775	129 354	8 613 900	-6 849 404	-	20	316 264	59 %	
36	783600	Prestegata 33 FDV/Brannstasjon	BS	142 277	15	7 600	89 641	1 114 044	-50 722	15,8	10	305 948	47 %	
37	783700	Nytt toppsystem	EWJ	-	-	17 750	-	303 480	-152 069	-	-	-	-	
38	783800	Infoskjermer	DR	-	-	-	-	225 000	-749 607	-	-	-	-	
		Sum		3 268 873	821	2 001 845	4 042 539	55 910 049	9 139 685	18,1	207	8 348 890	39 %	

Investeringsskollonna (kollonne 6) er i saka og i framlegget til vedtak avrunda oppover frå kr 55 910 049 til kr 56 mill.

Samla energiforbruk (korrigert for utetemperatur) for bygga var i gjennomsnitt 8 856 432 kWh og 2657 kW i 2011-13. Dette er basisforbruk i prosjektet og det er dette sparegarantien blir målt mot.

Ved gjennomføring av investeringspakka i tabellen over så garanterer NEE energi/effektreduksjon på 90% av 3,23 mill kWh og 821 kW. Denne garantien står fast sjølv om kommunen gjennomfører ein del av tiltaka sjølve.

I kollonna «Arbeid/annet» i tabellen er det sett på andre kostnadsreduksjonar (utover energi/effektreduksjon) kommunen vil få ved gjennomføring av tiltaka. Dette kan vere færre

innkjøp og arbeid med lysskift ved å bytte til LED-armaturar, færre innkjøp og skifte av viftreimer ved å skifte til ventilasjonsvifter med direkte drivne motorar osv.

For nærare informasjon om tiltaka på dei enkelte bygga vert det vist til vedlegg B.

Det kan knyttast eit par kommentarar til to store summar i tabellen over (gulmerka):

- Ivar Aasen – bygget: av summen på 1 421 300 kr/år så er 1,4 mill kr forventa auka leigeinntekt etter gjennomføring av prosjekt. Auka er forsiktig anslått, men skal forhandlast om når EPC prosjekt har vore behandla.
- Voldahallen: summen på 400 000 kr/år er forventa auka leigeinntekt pga prosjektet

Ivar Aasen-bygget

Høgskulen (HVO) betaler i dag ei låg leige, i underkant av kr 400 pr m² som er om lag kr 1000 pr m² under normal leigepris i Volda. Dette har samanheng med tidlegare avtalar og manglande investering og vedlikehald på bygget gjennom lang tid.

I denne saka vert kommunestyret invitert til å godkjenne EPC-tiltak i Ivar Aasen-bygget etter to modellar. Den eine er å gjere nødvendige tiltak i eksisterande bygningsmasse for som gir betre innemiljø og reduserer energikostnadene. I tillegg vil ein kunne foreta oppgradering av fasade og leggje nytt tak. Den andre modellen er å flytte kostnadene med noko av dette over på ei tredje etasje og på denne måten kunne realisere ei ekstra etasje på om lag 1200 m² råbygg til ein netto kostnad på kr 7 mill eks mva.

Uansett val av modell så ligg det ein risiko i dette prosjektet. Gjennomføringa av rehabiliteringa i 1. og 2. etg bør planleggjast i samarbeid med HVO og intensiverast i sommarferieperioden. Dette kan tidlegast gjennomførast i 2017. HVO planlegg saman med Statsbygg eit nytt undervisningsbygg og vil flytte aktiviteten dei i dag har ut av Aasen-bygget, slik at kommunen vil ikkje ha garanti for utleige til HVO lenger enn ut 2020 dersom det vert bygt nytt bygg på Campus. Sunnmøre Kulturnæringshage, Volda kommune og HVO har i lag drøfta om Aasen-bygget kan byggjast om til ein kunnskapspark. Kulturnæringshagen har laga eit lite forstudie av dette konseptet som grunnlag for vidare arbeid mot søknad av statlege midlar til forprosjekt. Ideen er interessant og dersom dette kan verte ei base for kulturnærings- og grunderar så kan det vere mogleg å få inn SIVA i prosjektet. I dette forstudiet har 2 etg vist som mogleg areal for ombygging til hyblar/overnatting etter modellen for bed & breakfast. Dette skisser i ei tidleg idefase, og det må gjevast mandat frå samarbeidspartane for å jobbe fram prosjektet. Det er også naturleg å kople inn Studentsamskipnaden i eit slikt samarbeid.

Den andre modellen går på at ein i tillegg til oppgradering av eksisterande bygg også byggjer ei 3 etasje. Her kan ein med EPC-modellen kunne realisere denne som råbygg (ikkje innreidd) til ei kostnadskalkyle på netto 7 mill eks mva. Totalkostnaden med etasjen er kr 16 mill eks mva, der 9 mill eks mva. kan overførast til EPC-prosjektet innanfor ramma som vist på vedlegg A til saka. Rådmannen legg fram forslag i to alternativ der ein i alternativ B tek med tredje etasjen. Det er viktig å vere merksam på at dersom ein går for å ta med denne ekstra etasjen, så betingar det at Volda kommune greier å finne ein tenleg bruk der den samla kostnaden med råbygg, innreiing og opparbeiding av parkeringsplassar mv kan finansierast av leigeinntekter. Eit mogleg scenarie kan vere at kommunen kan flytte læringscenteret frå Hamna 20 til Aasen-bygget i 3 etg, ev i den delen som vert frigjort når HVO flyttar ut dersom det vert nytt undervisningsbygg på Campus, og under føresetnad at ikkje heile eksisterande arealrom skal nyttast til ev kunnskapspark.

Det er viktig at kommunestyret er klar over at ein tek ein risiko enten ein vel modell ein med EPC-rehabilitering av eksisterande bygg, og at denne vert større dersom ein samtidig tek med

bygging av råbygg for ei 3. etasje. Samtidig inneber dette potensiale for utvikling, men prosjekta er i tidleg fase og ein kan ikkje seie noko sikkert om dette enda. Eksisterande lokale i Aasenbygget er i alle høve så dårlege at modell ein for EPC/oppgradering av bygget bør realiserast for at HVO skal ha tilfredsstillande lokale så lenge dei er i bygget.

Voldahallen

Det er innhenta teknisk rapport som viser at det er store kostnader med å få hallen opp på eit tidsmessig nivå med ei levetid tilsvarende nyinvestering. Dette ser ein ikkje som realistisk. EPC-analysen har avdekt at det med relativt små midlar er mogleg å gjere tiltak der ein kombinerer energisparande tiltak med nødvendig rehabilitering for å forlenge levetida for halle med 10 - 15 år. Det er nedsett ei arbeidsgruppa som skal utgreie alternativ for løysing av hallspørsmålet. Det viser seg at det spørsmålet om ny hall er svært komplisert ettersom ulike brukarar og interessenter skal samordnast. I budsjett og økonomiplanen er det innarbeidd ei finansiering som er avgrensa til oppføring av ein hall med same storleik som dagens Voldahall og med fylkeskommunal finansiering på 44 %. I premissane har det vore lagt til grunn at idretten må kome med ekstern finansiering for å byggje ein hall med to speleflater. Kommunen treng kroppsøvingslokale og må ved bygging av ein større hall truleg delta i ein større andel av finansieringa enn den som er lagt til grunn til no. Samordning av fleire brukarar avgrensar også kvar ein ny hall kan lokaliserast. Rådmannen vurderer det slik at partane treng planleggingstid til å avklare romprogram, lokalisering og finansiering. I mellomtida finn rådmannen det tenleg å nytte seg av potensialet som EPC-modellen gir til å gjere nødvendige tiltak for å halde Voldahallen i drift nokre år til. Dette vil ikkje vere noko erstatning for ein ny hall, men kan også i ei avgrensa periode vere eit godt supplement. Høgskulen opplyser også at dei har ledig kapasitet i Idrettsbygget, og det bør i fasa til permanent hallavklaring ligg føre vurderast om Idrettsbygget kan dekkje noko av behovet saman med Voldahallen.

Voldahallen er i dag utleigd fullt ut frå kl 0800 - 2300, der MRFK leiger på dagtid (Øyra skule har nokre timar i veka). Dersom opsjon på gjennomføring av EPC-tiltak for Voldahallen vert innløyst vil ein gå i kontraktsforhandling med Møre og Romsdal fylkeskommune. Eksisterande Voldahall vil uansett vere ei kortsiktig løysing, der ein framleis må arbeide saman med fylkeskommunen og idretten for realisering av ny hall. Idretten betalar i dag ein svært lav leige i Voldahallen, denne må ein ta opp til regulering i samband med behandling av budsjett og økonomiplan for 2017-2020, og vert å sjå i samband med normal leige for liknande anlegg i andre kommunar.

Del 2 – Prosjekt i eigenregi

Det er plukka ut 14 tiltak som kommunen tenkjer å gjennomføre i eigenregi. Dette er tiltak som administrasjonen meiner dei sjølve kan få gjennomført til ein mindre kostnad ved utlysing sjølve og bruk av eksisterande rammeavtalar . Desse tiltaka blir finansiert ved å bruke ubrukte løyvingar frå tidligare år. Dette blir konkretisert ved handsaming av korrigering av budsjett for . halvår 2016. Oversikt kostnad tiltak i eigenregi.

Pros Prosjektnamn	Kostnad
Folkestadtun	1 600 000
Nilletun	1 700 000
Voldahallen	1 100 000
Samfunnshuset	900 000
Rådhuset	1 900 000
Sum	7 200 000

Del 3 – Etablering av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget – eige sjølvstendig prosjekt

I del 1 over er det teke med nytt ventilasjonsanlegg, glasfasade og nytt tak. I samband med desse tiltaka er det vurdert til å gje reduserte investeringskostnader ved å samstundes byggje på ein etasje.

Råbygg og innreiing av 3. etasjen må finansierast i eige prosjekt delt i to:

1. Etablere råbygget og inkludere fasade – og tak-tiltaket frå EPC-prosjektet. Dette er estimert til kr 16.000.000 eks mva (der kr. 9.000.000 eks mva blir redusert i EPC prosjektet). Netto kostnad med denne etasjen utan tilordning innvendig, blir då estimert til kr 7.000.000 eks mva.
2. Dersom kommunestyret går for realisering av 3 etasje råbygg må ein kome attende med eiga sak der kommunestyret tek stilling til bruken av etasje og nivå av tilordning i denne (alt etter bruk). Finansiering av etasjen blir gjennom husleige. Normert husleige er rekna til å verte høgare enn kapitalkostnad ved realisering av etasje.

Dersom del 3 ikkje blir valt der ein reduserar Kr 9 mill i EPC over i etasje prosjektet, må kommunen drage ut ytterligere Kr 5,3 mill frå EPC prosjektet å gjennomføre i eigenregi, eller utlyse ny konkurranse tilsvarande Kr 5,3 mill. Dette for å halde seg innanfor reglar om offentlig anskaffing og terskelverdiar.

Energimerking

Når fase 2 (gjennomføringsfasen) i EPC-prosjektet er gjennomført så skal bygga energimerkast og tekniske anlegg skal målast og dokumenterast i høve til Nasjonal forskrift om energimerking. Dette inngår som ein del av kontrakta mellom kommunen og NEE.

Desse bygga inngår:

Kommune: Volda			
Grønnmerke er EPC bygg - under 1000 m ² .		Gulmerket er EPC bygg - energimerking 1.g	
Bygg som skal energimerkes	Type	Oppvarma bruksareal	Antall ventilasjonsanlegg
Volda rådhus	Rådhus/Konferbygge	4 394	2
Legesenter	Kombinasjonsbygg	2 799	2
Samfunnshuset	Kulturhus	1 367	2
Bolla barnehage	Barnehage	544	2
Oppgårdson barnehage	Barnehage	445	2
Ivar Aasen bygget	Høgskule/kontor	2 350	1
Letbygget	Kontorbygg	546	1
Austefjord skule bygg A	Skulebygg	1 184	6
Austefjord skule bygg B	Skulebygg	1 119	1
Folkestad skule	Skulebygg	2 275	5
Folkestad omsorgsenter	Omsorgsenter / Barnehage	1 121	3
Dalstfjord skule	Skulebygg	3 072	4
Omsorgsbustadar Låvstad	Omsorgstilleggenter	278	0
Låvstad barnehage	barnehage	203	1
Bratteberg skule	Skulebygg	2 944	3
Vikebygda skule bygg A	Skulebygg	517	1
Vikebygda skule bygg B	Skulebygg	265	1
Engestad barnehage	Barnehage	500	1
Prestegata 33	Kombinasjonsbygg	2 758	3
Burstadmarka 4	Pleie og omsorg	1 731	1
Bømarka 8	Omsorgsbustadar	402	6
Fjordsyn	Pleie og omsorg	2 893	1
Kleppevågen 1	Omsorgstilleggenter	258	6
Kleppevågen 3	Omsorgstilleggenter	378	4
Mork barnehage	Barnehage	432	1
Mork gamle skule	Skulebygg	0	2
Mork Nye skule	Skulebygg	1 051	9
Hilletun	Omsorgsbustadar	1 820	1
Omsorgsenteret	Omsorgsenter	74 13	7
Farklong B	Kontorbygg	171	0
Severinshagen 3	Omsorgsbustadar	1198	0
Severinshagen 5	Omsorgsbustadar	224	0
Sjuaten	Omsorgsbustadar	382	6
Volda ungdomskule	Skulebygg	6252	4
Volda høgskule	foretaksall	2600	7
Smelbakken 4	Burellstesp mindreange	424	1

Forhold til overordna plan:

Klimaplanen

I klimaplanen for 2010-2020 har kommunestyret vedteke minimum å redusere energiforbruket i kommunale bygg med 5 % innan 2013, og 20 % innan 2020.

Ved gjennomføring av EPC tiltaka så blir totalt kjøpt energi redusert med 39 %.

Volda kommune viser at dei har fokus på handling og gjennomføring. Kommunen tek ei leiande rolle i heile regionen ved gjennomføring av denne tiltakspakka. Vi ser allereie at fleire kommunar i regionen no har starta opp arbeid med vurdering av EPC, blant anna Herøy kommune.

Budsjett og økonomiplan

Til EPC-programmet er det avsett kr 25 mill i 2016-budsjettet og kr 20 mill i 2017. Dette er kostnadsoverslag for det vart utarbeidd analyse for byggobjekta med oversikt over effekt for energiforbruk, økonomisk og potensial for rehabilitering. No som denne analysen ligg føre vert det lagt fram samla pakke for EPC-tiltak. Dette viser ei høgare kostnadsramme, men samtidig ei akseptabel nedbetalingstid i prosjekta. Når det gjeld Aasen-bygget så vert det vist til eiga risikovurdering rundt etterbruk, og at EPC-tiltak for dette konkrete prosjektet er basert på føresetnader om utleige etter at HVO flyttar ut når dei får nytt undervisningsbygg på Campus.

Miljøkonsekvensar:

Redusert energibruk basert på fornybar energi vil frigjere energi til anna energikrevjande produksjon, og vil kunne erstatta forureinande energiproduksjon– noko som er heilt i tråd med vedteke Energi og Klimaplan, men også nasjonal Klimapolitikk.

Om ein legg til grunn at produksjon av 1 kWh elektrisitet tilsvarar eit utslepp på 123 g CO₂ vil ein reduksjon på 3,23 mill kWh kWh føre til at Volda kommune bidreg til redusert klimagassutslepp med 3,23 mill kWh/år * x 123 g/kWh = snautt 400 tonn CO₂ pr år

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Gjennomføring av fleire av tiltaka vil medføre vesentleg miljøbetring for brukarar av bygg, men og for drifta av bygg. Det er fleire av tiltaka som inneber betre ventilasjon, betre varmestyring, mindre kald trekk frå vindauge osv

Økonomiske konsekvensar:

I NEE sine berekningar er gjeldande marknadspris for straum nytta, og det vil då bety ein årleg redusert energi/effektkostnad for kommunen på ca 2 mill kr per år. I tillegg kjem det andre driftsreduksjonar og auka leigeinntekter på om lag 2 mill kr (basert på føresetnadene som er gitt for Aasenbygget og Voldahallen)

Offentleg støtte:

Det vil bli søkt Enova om investeringsstøtte til tiltakspakka. Det er ein fordel å søkje om større pakker og porteføljer av bygg fordi ein då også vil kunne få støtte til tiltak og bygg som er for små til å kunne søkje åleine. Kor mykje støtte ein kan få er vanskeleg å seie sikkert, men erfaringsmessig bør ein kunne oppnå rundt 3,5 mill kr i støtte. Maksimal støtte i prosjektet slik det er presentert over er ca 4,1 mill kr. Nivå veit vi først ved behandling av søknadar.

Kommunal eigenandel

I tillegg er det lagt inn 500 000 kr i kommunal i årleg støtte i nedbetalingsperioden på 14,9 år (sum kr 5,9 mill). Bakgrunnen er at kommunen står ovanfor mange oppgraderingsprosjekt som må til for å ta vare på verdien til kommunen, samt fortsett kunne leige ut/halde drift i bygga. Vidare er det viktig at kommunen har eigenandel i investeringane. Kommunal eigenandel vert å kome attende til i samband med handsaming av komande budsjett og økonomiplan.

Driftsavtale i garantiperioden

For oppfølging av garantien som er gitt på energisparinga, gjennomfører opplæring til driftspersonell og har opplegg for skuleverket. Samla kostnad for kommunen som skissert her er på kr 175 000 i ein 5-årsperioden (med opsjon om ev lenging). Dette er ein liten del sett mot å måtte gjennomføre oppgraderingstiltaka på ordiner måte gjennom låneopptak med 30 års nedbetaling. I dette prosjektet er dette kalkulert til å vere nedbetalt på 14,9 år.

NEE har kartlagt og kalkulert energisparepotensialet i bygga som er med i kontrakta. Energibesparelsen finansierar investeringa. Dersom garantert sparing ikkje blir nådd, skal NEE utføre korrigerande tiltak for eiga regning og/eller betale differansen mellom garanterte og oppnådde sparingar. Dersom årlig sparing overstiger sparegarantien kan Volda kommune og NEE dele tilleggsbesparinga etter avtalt fordelingsnøkkel. Dette er regulert i NS 6430:2014

Med desse føresetnadane blir økonomien i prosjektet slik:

Oversikt over økonomi for valgte tiltak

Fliknr	Prosjektnr	Bygg	Analyse-ansvarlig	Bespargelse				Investering	Lønnsomhet	
				Energi	Effekt	Arbeid/anne	Kroner		Enøk	Nåverdi
				KWh/år	KW/år	kr/år	kr./år samlet	kr	kr	år
		Sum		3 268 873	821	2 001 845	4 042 539	55 910 049	9 139 685	18.1

Årlige kostnader og støtte

		Tilskott frå kommunen	14,9				500 000	-	5 937 300	
		Kostnad i fase 3	8,5				-175 000	-	-1 295 003	
		Sum		3 268 873	821	2 001 845	4 367 539	55 910 049	13 780 981	16,4

Samlet økonomi med engangsstøtte fra Enova

		Enova-tilskott beregnet til kr. 4 100 000,-						-4 100 000		
		Sum					4 367 539	51 810 049	16 663 791	14,9

Med føresetnadane som ligg i EPC-modellen og føresetnadane som elles er opplyst i saka så er investeringsspakka sjølvfinansierande. Rådmannen presiserer dei risikomomenta som er kommentert når det gjeld Aasen-bygget.

Straumpris per kwh inkluderar kraftpris (spotpris), forbruksavgift, grøn el-sertifikat og nettleige. Dersom kommunen går for EPC- fase 2, og følgjer opp avtala med NEE, ligg det ei betydeleg innsparing i tid og arbeidsprosessar for kommunen, sidan NEE tek ansvar for alt arbeid med kontrahering av underentreprenørar og leiar sjølve gjennomføringa. NEE har gjennom

kartleggings - og analysefasa hatt fleire møter i kommunen, og med driftspersonell og eigedomsansvarleg. NEE har saumfart kvart bygg, og har no detaljkjennskap til desse.

Prosesen har tilført administrasjonen verdifull kompetanse og tilstandsdokumentasjon, men og alternative forslag til løysningar. Det er grunn til å tru at EPC fase 1 i seg sjølv inneber ei innsparing på drift av bygningsmassen framover.

EPC som gjennomføringsmodell inneber også at tiltaka vert definert som investering så lenge dette vert gjennomført som ei samla leveranse.

Rådmannen har vore oppteken av at gjennomføring av tiltak skal så langt det er mogleg kome lokale entreprenorar til gode. NEE stadfester at dei ved gjennomføring av tiltak finn det naturleg å nytte lokal kompetanse så lenge dei er konkurransedyktige på pris og kvalitet. Slike investeringar er innanfor Kommunalbanken sine krav til å få «grøn rente» på eit evt lån. Lånerenta er 0,1 % under den ordinære flytande p.t- renta i kommunalbanken.

Når det gjeld meirverdiavgifta for Voldahall og Aasen-bygget vil ein måtte forhalde seg til både refusjons- og kompensasjonsordninga. Dette må gåast nærare gjennom i samband med planlegginga av gjennomføring. For Aasenbygget vil ein truleg måtte gå via avtale om justeringsrett for meirverdiavgift som inneber refusjon med 1/10-del over 10 år. Kor vidt ein får att heile momsen på investeringa i bygget er avhengig av kva aktivitet som vert i bygget. Dette er pr tidspunkt uavklart, og det må derfor takast eit atterhald om dette i samband med mva-kompensasjon i finansieringa.

Kurs og opplæring som del av avtalen

Dersom kommunestyret vedtek gjennomføring av EPC fase 2 og 3, der sistnemnte er garantiperioden på 5 år så skal NEE jamføre kontrakt årleg gjennomføre kursing av personell og brukarar av bygga. Kommunen har ein opsjon på å forlengje 5-års kontrakta inntil innteningstid på investeringspakka (dvs 14,9 år) Dette gjeld også kurs og samlingar i skule og barnehage. Dette er fine kurs for opplæring av borna, som lett kan knytast opp mot skulefaglege emne. Dermed blir dette viktig kunnskapsheving for alle.

OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

EPC gjer det mogeleg for kommunen å realisere sparetiltak som elles ikkje ville blitt gjennomført på ein svært rasjonell måte. Ein ekstern aktør/energientrepnør (NEE) står for planlegging og gjennomføring av avtalte energitiltak. Reduksjon i energikostnader dekkjer normalt nedbetaling av investeringa. Kontraktslengde blir dimensjonert slik at summen av kapitalkostnader, energikostnader og drift av tiltak etter gjennomføring av tiltak ikkje blir høgare enn dagens energikostnad. Garanti for reduksjon for tiltakspakka blir kontraktfesta. Redusert arbeid og risiko med gjennomføring av tiltaka er resultatet for byggeigar.

Ved å stille eigenkapital til rådvelde blir totalkostnaden lågare enn ved entreprenør finansiering.

Kommunen har ein einssidig opsjon på å gå vidare frå analysefase til gjennomføringsfase Rådmannen har gjennomgått NEE sine tilrådingar og analyser og vil etter ei samla vurdering tilrå kommunestyret om at EPC- fase 2 vert gjennomført med omfang som vist under.

I vedlegg A er det vist samla investeringskostnad eks. mva. eks. støtte ENOVA, redusert antal kwh og straumkostnad årleg. I tillegg er reduserte kW vist for dei bygga som har effekttariff.

Tiltaka krev ei samla investering på:

Kr 56.000.000 eks mva i tillegg kjem internkostnad for administrasjon og oppfølging av tiltaka i heile byggeperioden. Ut frå erfaringar frå EPC-prosjekt i andre kommunar vert det tilrådd å setje ei total investeringsramme på prosjektet på kr 58.000.000 eks mva. Dette fordi interne kostnader i prosjektet med for eksempel løn må belastast prosjektet i gjennomføringsperioden. Prosjektleiaren må følgje prosjektet opp med overtaking og kontroll av gjennomførte tiltak, samt administrering saman med kontraktspart. Dette er grunnpakka for det samla programmet i anbodet med NEE. I tillegg er det skissert eit alternativ med ei 3. etasje for Aasenbygget. Dersom ein utvidar EPC-pakka med denne etasje vil samla EPC-pakke utgjere kr 65 mill eks mva.

Kor stor del av EPC-prosjektet som blir gjennomført av NEE og kor mykje som blir gjort i eigenregi i kommunen er avhengig av kva kommunestyret vedtek og sluttforhandlingane med NEE.

Det er også planlagt mindre EPC-tiltak innanfor ei kostnadsramme på kr 7,5 mill eks mva som kommunen gjennomfører som eigne anbod. Det er vurdert som meir tenleg å gjennomføre desse utanfor den samla pakken. Finansieringa vert foreslått ved ubrukte lånemidlar, ev ved tiltakspakkemidlar dersom staten kjem med det i samband med revidert nasjonalbudsjett inneverande år og/eller statsbudsjettet for 2017.

Med energiprisar pr mars 2016, reelle teknisk/økonomiske levetider pr tiltak og 3 % kalkulasjonsrente så gir investeringspakka på 207 tiltak til ein kostnad på 56 mill kr ei inntjeningstid på 14,9 år. Internkostnad i prosjektet med administrasjon og oppfølging kjem i tillegg.


Ein del av tiltaka over er isolert sett ulønsame, dvs redusert energibruk vil ikkje betale ned investerings. Det er likevel teke med fleire av desse tiltaka fordi:

- Dette er tiltak som likevel må gjennomførast som del av bygningsdrift framover, det gjeld td. ventilasjonsoppgradering og bygningsmessig oppgradering
- Desse tiltaka blir no med på ein søknad om støtte frå Enova og utløyse økonomisk støtte. All støtte frå Enova skal i prinsippet vere utløysande, difor er denne typen tiltak prioritert. Søknader med færre tiltak blir ofte for små til å oppnå støtte. Enova-tilskot er teke med i finansieringsplanen, men ein gjer merksam på at ein ikkje i forkant kan forskottere kva ein kan få i tilskot.
- Investeringspakka inneheldt også oppbygging av eit sentralt driftskontrollanlegg for bygga. Dette gjer det mogeleg for driftspersonellet å ha god oversikt over tekniske anlegg og kunne drive bygg og anlegg optimalt.

Rådmannen legg fram to alternative forslag til vedtak. Ut frå kommunen kommunen si økonomiske stilling med høg lånegjeld og pressa drift, så meiner rådmannen at kommunestyret ut frå behovet for forutsigbarheit bør velje alternativ A. Samtidig meiner rådmannen det er viktig å synleggjere potensialet for å kunne skaffe eit rimeleg lokale, og peike på moglegheitene dette kan gi for utviklinga i kommunen i eit sentralt geografisk område tett opp mot framtidig E 39-traseen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef



Volda kommune

Klimaskjerm Ivar Aasen bygget

Tilbodsinnbyding

Tilbodsfrist: 07.11.2016

1 INNLEIING

Ivar Aasen bygget har gjennom Volda kommune sitt EPC prosjekt vore gjennom ei Enøk analyse. Ved lønsame tiltak kan ein oppnå opptil 36 % reduksjon i energisparing, samt ca 61% ved større oppgraderingstiltak.

I dag er Ivar Aasen bygget eit to-etasje undervisningsbygg på ca. 2220m² og vert utleigd til høgskulen i Volda. Det er mange kontor, grupperom og undervisningslokaler, samt bokhandel og fellesområder.

Bygget er frå 1971 og er dei siste 45 åra gjort lite for å holde det ytre vedlike. Det er nettopp her at Volda kommune ynskjer ein klimaskjerm, ny ytre og moderne fasade, på Ivar Aasen bygget.

1.1 INNBYDING

Volda kommune inviterar med dette til å gje tilbod i konkurransen om Totalentreprise med forhandlingar – Klimaskjerm, Ivar Aasen bygget.

Arbeidet vil omfatte følgjande:

1. Nye heildekkande glasfasader av isolerte fasadesystem, på ny ringmur
2. Riving av takkonstruksjon til betongplate
3. Ny oppbygning av takkonstruksjon, samt taktekking
4. Riving av eksisterande vinduskonstruksjonar og overlyskupplar
5. Etablering av utvendig vindfang ved eksisterande inngangsparti
6. Forsvarleg handtering og deponering av avfall
7. Søknad

Opsjon 1:

- Oppføring av ekstra etasje
 - Glasheis ved inngangspartiet

Opsjon 2:

- Utvendig ståltrapp

Arbeidet er ynskja oppstart i mai/juni 2017.

Konkurransen gjennomførast etter "Forskrift om offentlige anskaffelser".

Det er tilbydar sitt ansvar å gjere seg kjend med konkurransegrunnlaget.

1.2 GENERELT OM KONKURRANSEN

Volda kommune som oppdragsgjevar og byggherre skal endre fasada på Ivar Aasen bygget. Bygget vert brukt som undervisningsrom og kontor for høgskulen. I den forbindelse skal det engasjerast ein totalentreprenør for utføring av arbeidet.

Totalentreprenør er også ansvarlig for søknadsprosessen.

Bucci arkitekter har utarbeida skisseteikningar, Totalentreprenør skal ta utgangspunkt i desse teikningane og står ansvarlig for vidare detaljering og prosjektering. Totalentreprenør/leverandørar skal dekke alle fagområder og er ansvarlig avtalepart ved oppdraget. Oppdragsgjevar skal i nødvendig grad gis tilgang til å delta i detaljprosjektering og i byggjemøter for å sjå til at kontrakta sine bestemningar vert oppfylt.

1.3 TIDSPLAN

Det vert antydde følgjande framdriftsplan for anskaffinga:

Førespurnad:	22.09.2016
Tilbudsfrist:	07.11.2016
Evalueringsperiode:	veke 45-47
Melding om tildeling av kontrakt, ca:	veke 48
Frist for å klage på val av totalentreprenør:	10 dagar
Kontraktmøte/Tildeling av kontrakt:	veke 50

1.4 KUNNGJERING

Anskaffinga er kunngjort i Doffin-databasen (www.doffin.no).

1.5 LOVER OG FORSKRIFTER

Anskaffinga er omfatta Lov om offentlig anskaffing og Forskrift om offentlege anskaffingar og utførast som ein konkurranse med forhandlingar. For anskaffinga gjeld også bestemmingane i denne tilbodsinnbydinga, samt bestemmingane i vedlagt konkurransegrunnlag.

Konkurransen vil bli gjennomført i samsvar med god anbuds og forretningskikk, som sikrar likebehandling av tilbydarane, jf. Dei grunnleggjande krava i Anskaffelsesforskriften §3-1.

1.6 AVLYSNING

Oppdragsgjevar tek atterhald om at konkurransen kan verte avlyst dersom det føreligg sakleg grunn, til dømes ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande politisk godkjenning. Deltakarane i konkurransen har i så fall ikkje krav på erstatning for kostnader dei er påført som følge av konkurransen.

Oppdragsgjevar kan forkaste alle tilboda, dersom resultatet av konkurransen gir sakleg grunn for det.

1.7 UTGIFTER TIL Å DELTA I KONKURRANSEN

Leverandøren må sjølv dekke alle kostnader med utarbeiding og levering av tilbod. Det same gjeld kostnader i forbindelse med synfaring.

1.8 OFFENTLEG INNSYNSRETT

Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) av 19.05.2006 gir rett til å unnta tilbod og protokoll frå offentlig innsyn, inntil valet av leverandør er gjort (23 3. ledd). Etter at kontrakt er tildelt, er tilboda offentlege. Det kan gjerast unntak for teiepliktbelagde opplysningar etter off. lov § 13, jf FOA §3-6.

Tilbydar skal sjølv vurdere og merke tekst og opplysningar i tilbodet som blir oppfatta som drifts- og forretningsforhold som det vil vere av konkurransemessig interesse å halde hemmeleg. Oppdragsgjevar har likevel rett og plikt til å vurdere om opplysningane kan haldast hemmeleg i samsvar med off. lov § 13, jf FOA §3-6,

Skjema for egenerklæring følgjer som vedlegg 5.

1.9 TEIEPLIKT

Oppdragsgjevar og hans tilsette plikter å hindre at andre får tilgang, eller kjennskap, til opplysningar om tekniske installasjonar, framgangsmåtar eller drifts- og forretningsstilhøve som det vil vere grunnlag for å halde hemmeleg av konkurransemessige omsyn.

1.10 KONKURRANSEREGLAR

Gjeldande versjon av del I og del II av forskrift om offentlege anskaffingar ligg til grunn som konkurransereglar.

2. KONKURRANSEGRUNNLAGET MV.

2.1 KONKURRANSEGRUNNLAGET

Konkurransesgrunnlaget består av :

- Tilbodsinnbydinga (dette dokumentet) som gjer greie for prosessen fram til kontraktsinngåing, samt 15 vedlegg
 - Vedlegg 1: Tilbodsskjema
 - Vedlegg 2: Bok 0
 - Vedlegg 3: Funksjonsbeskrivelse
 - Vedlegg 4: Funksjonsbeskrivelse OPSJON
 - Vedlegg 5: Eigenerklæring offentlig innsyn
 - Vedlegg 6: Eigenerklæring løns- og arbeidsvilkår
 - Vedlegg 7: SHA-plan
 - Vedlegg 8: FDVU- dokumentasjon
 - Vedlegg 9: Informasjon om fakturering
 - Vedlegg 10: DAK manual
 - Vedlegg 11: Teikningar
 - Vedlegg 12: Teikningar OPSJON
 - Vedlegg 13 : Gamle teikningar av bygget
 - Vedlegg 14: Vidareføring av trappesjakter til 3. etg
 - Vedlegg 15: Bileter

2.2 TILLEGGSOPPLYSNINGAR OG SYNFARING

Dersom leverandøren finn at konkurransesgrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han be om tilleggsopplysningar på e-post til: jeanette.brandal@volda.kommune.no

Alle spørsmål skal vere merka: "Klimaskjerm, Ivar Aasen bygget" i emnefeltet på e-post. Spørsmål må vere stilt seinast seks dagar før frist for innlevering av anbod. Spørsmål sendt etter den gitte fristen vert ikkje besvart.

Det vert haldt synfaring på Ivar Aasen bygget måndag 03.10.2016 kl. 10.00. Tilbydarar som ynskjer å delta på synfaring må melde si interesse seinast fredag 30.09.2016. Påmelding pr. e-post til: jeanette.brandal@volda.kommune.no .

Kostnader/utgifter i forbindelse med synfaring må dekkjast av dei enkelte.

Svar på spørsmål, eventuelle justeringar, suppleringar og endringar i konkurransesgrunnlaget før tilbudsfristens utløp, vil snarast mogleg bli lagt ut elektronisk på Doffin-portalen. Spørsmål vil bli anonymisert slik at det ikkje framkjem kven som har stilt spørsmål.

I tillegg til konkurransesgrunnlaget, vil eventuelle tilleggsopplysningar gitt innan fristen over, inngå som ein del av konkurransesgrunnlaget og som oppdragsgjevar legg ut på Doffin.

2.2 RETTLEIINGAR OG SUPPLERINGAR

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidlast skiftleg til oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Innan utløp av tilbudsfristen har oppdragsgjevar rett til å foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter. Rettingar, suppleringar og endringar skal umiddelbart kunngjerast på Doffin.

3. KVALIFIKASJONSKRAV

Hensikta med å stille krav til leverandøren sine kvalifikasjonar, er å sikre at leverandør opptre innforan lovverket og har økonomiske grunnlaget som vurderast som naudsynt for å kunne levere den etterspurte leveransen, samt oppfylle krava i kontrakta.

Alle kvalifikasjonskrav må dokumenterast. Leverandøren sin dokumentasjon vert kontrollert mot kvalifikasjonskrava som er gitt nedanfor.

Obligatoriske og ufråvikelege krav

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til skatteinnbetaling og meirverdiinnbetaling	<ul style="list-style-type: none">• Skatteattest• Meirverdiattest <p>Ein attest for skatt og ein attest for betalt avgift utsendast anten av det lokale skatteoppkrevjarkontoret der leverandøren har sitt kontor.</p> <p>Utanlandske leverandørar skal framleggje attestar frå tilsvarande myndigheiter som dei norske</p> <p>Attestar må ikkje vere eldre enn 6 månadar, rekna frå tilbudsfrist.</p>
Leverandør skal ha arbeidstakarar som har lønns- og arbeidsvilkår som oppfyller bestemmingane som forskrift av 2008-02-08 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar ved utlysning av tenestekontraktar og bygg- og anleggskontraktar pålegg leverandøren	Eigenerklæring om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar (vedlegg 6).

Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandør skal vere eit lovleg etablert føretak	<ul style="list-style-type: none">• Norske selskap: Firmaattest• Utanlandske selskap: Prov på at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som føreskreve i lovgjevinga i det land der leverandøren er etablert. <p>Firmaattesten må ikkje vere eldre enn 6 månadar, rekna frå tilbudsfrist</p>

Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre oppdraget/kontrakten	<ul style="list-style-type: none">• Årsrekneskap inkl. eventuell revisorerklæring for det siste rekneskapsår og eventuelt styrets årsberetning Firmaattesten må ikkje vere eldre enn 6 månadar, rekna frå tilbodsfrist
Leverandøren skal ha ansvarsforsikring som minimum har dekning iht. NS 8407	<ul style="list-style-type: none">• Kopi av forsikringspolise

Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kunnskap med liknande prosjekt, samt ha erfaring.	<ul style="list-style-type: none">• Skildring av leverandøren sine 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra

4. TILBODET

4.1 UTFORMING AV TILBODET

Tilbudet skal vere skrifteleg, og skal innehalde eit dagsett tilbodsbrief, underteikna og stempla med verksemda sitt namn.

- Tilbudet skal leverast i lukka nøytral sending som er merka "Tilbod klimaskjerm, Ivar Aasen bygget"
- Tilbudet skal vere utforma på norsk
- Tilbudet kan leverast direkte til leveringsadressa eller sendast med post.
- I tillegg til ein skrifteleg versjon av tilbudet, skal det leverast ein komplett versjon levert på cd, minnepenn eller liknande. Dersom det visar seg å ikkje vere i samsvar mellom innlevert tilbud på papir-format og digital fil, gjeld data i tilbud på papir-format føre digital fil.
- Tilbydar skal også leggje ved ein versjon av tilbudet som kan offentleggjerast (sladda versjon). Versjonen kan anten ligge ved digitalt eller i papirformat.

4.2 KOMPLETT TILBOD SKAL INNEHALDE

- Tilbodsbrief signert av ansvarleg representant for leverandøren. I tilbodsbriefet skal det klart kome fram til kven som er leverandøren sin kontaktperson, samt kontaktpersonen si stilling, telefonnummer og e-post adresse.
- Dokumentasjon på leverandøren sine kvalifikasjonskrav, jf. punkt3
 - Obligatoriske og ufråvikelige krav
 - Organisatorisk og juridisk kapasitet
 - Økonomisk og finansiell kapasitet
 - Tekniske og faglege kvalifikasjonar
- Eigenerklæring – innsyn i dokument, jf. Punkt 1.8
- Dokumentasjon med vedlegg – relatert til tildelingskriteria
Tilbodsløysing som er leverandøren sine svar på oppdragsgjevar sin kravspesifikasjon, inklusive dokumentasjon som er kravd.
- Pris
Utfylt prisskjema (vedlegg 1)

- Eventuelt andre opplysningar

Alle svar skal gjevast under dei respektive punkta og ikkje i form av referansar til nettsider eller liknande.

4.3 TILBODSFRIST

Siste frist for innlevering av tilbod er måndag 07.11.2016 klokka 12.00. Tilbodet skal vere oppdragsgjevaren i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbodsfristen. Leverandøren har ansvaret for at tilbodet kjem fram i tide innanfor tilbodsfristen. Tilbod som kjem inn etter dette tidspunktet, vert automatisk avvist, dette gjeld sjølv om det skuldast tredjepart (posten, budfirma etc.)

4.4 OPPRETTHALDING AV TILBODET

Eit tilbod kan tilbakekallast eller endrast innan tilbodsfristens utløp. Tilbakekall og endring skal skje skriftleg. Endring av tilbod er å betrakte som eit nytt tilbod.

Etter utløpet av tilbodsfristen er tilbodet bindande fram til utløpet av vedståelsesfristen. Dersom tilbydaren vel å trekke tilbake eit bindande tilbod, har oppdragsgjevar rett til å krevje erstatta sitt økonomiske tap som følgje av dette.

Vedståelsesfristen er 90 dagar frå tilbodsfristens utløp.

4.5 INNLEVERINGSSTAD

Ved levering per post skal tilbodet sendas til:

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Att. Eigedomsavdelinga v/ Jeanette Brandal
Konvolutten skal merkast "Tilbod klimaskjerm, Ivar Aasen bygget".

Ved direkte levering

Volda Kommune
Servicekontoret
Stormyra 2
6100 VOLDA

Att. Eigedomsavdelinga v/ Jeanette Brandal
Konvolutten skal merkast "Tilbod klimaskjerm, Ivar Aasen bygget".

Servicekontoret har opningstid mellom kl. 08.00-15.30 måndag-fredag.

4.6 TILBODSSKJEMA/PRISSKJEMA

Prisane skal gjevast på vedlagt tilbodsskjema

Tilbodsskjema skal innleverast i utfylt tilstand, skal vere datert, underskrive og stempla med firmaets namn. Prisane skal vere netto i NOK for alle leverandørens kostnader. Prisane skal vere inklusive ev. avgifter, men eks. mva.

Tilbudet skal inkludere reise- og opphaldsutgifter.

Dersom det er motstrid mellom opplysningane i tilbudsskjema og i tilbodsbrief, har opplysningane i tilbodsbrief forrang.

4.7 ATTERHALD

Atterhald og avvik vil kunne føre til avvisng, jf. Pkt. 5.5. Oppdragsjevar oppfordrar difor leverandørane til å kome med spørsmål undervegs i gjennomføringa av anskaffinga.

- Tilbydars visning til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vil verte sett på som atterhald dersom vilkåra avvik frå føreliggjande konkurranse- eller kontraktsbestemmingar.
- Atterhald og avvik skal vere presist og eintydig skildra.
- Tilbydar kan ikkje påberope atterhald og avvik som ikkje framkjem av tilbudet. Oppdragsgjevar har likevel rett til å ta omsyn til openbare atterhald og avvik som ikkje framkjem av tilbudet, dersom han skulle oppdage slike under evalueringa.

4.8 ALTERNATIVE TILBOD

Alternative tilbud kan akseptast dersom dei ikkje avvikar vesentleg frå krava i konkurransegrunnlaget.

Ved utforming av alternative tilbud skal det gis ei detaljert skildring av det tilbode alternative. Det skal gis ein klar referanse til det aktuelle punkt i konkurransegrunnlaget, der det vert tilbydd noko anna enn det som er skildra

4.9 TILBOD PÅ DELAR AV OPPDRAGET

Det er ikkje høve til å gi tilbud på delar av oppdraget.

5. OPPDRAGSGJEVAR SI HANDSAMING AV TILBODA

5.1 MOTTAK AV TILBOD

Mottakar fører på dato og klokkeslett for mottak av tilboda etter kvart som dei kjem inn. På førespurnad skal oppdragsgjevar gje skriftleg stadfesting på at tilbudet er motteke.

5.2 TILBODSOPNING

Tilbodsopninga finn stad måndag 07.11.2016 klokka 13.00. Opninga skal vere utført av minst to representantar frå oppdragsgjevaren. Det vert skrive protokoll frå opninga av tilboda. Leverandør har ikkje rett til å vere til stade under opninga.

5.3 RETUR AV TILBOD

Avviste og forkasta tilbud vert ikkje returnert til tilbydar.

5.4 AVVISNING AV LEVERANDØRAR

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje har sendt inn tilbodet innan fastsette fristar, samt leverandørar som ikkje oppfyllar dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava (jf. pkt.3). Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

5.5 AVVISNING AV TILBOD

Oppdragsgjevar pliktar å avvise tilbod når det:

- Ikkje har kome fram til angitt leveringsstad innanfor tilbodsfristens utløp
- Inneheld vesentlege atterhald mot kontraktvilkåra
- Inneheld vesentlege avvik frå kravspesifikasjonane i kunngjeringa eller i konkurransegrunnlaget.

Oppdragsgjevar kan avvise tilbodet når det:

- Etter forsøk på avklaring, inneheld avvik, atterhald eller feil som ikkje må sjåast som ubetydelege.
- Etter forsøk på avklaring er ufullstendig eller uklart på ein slik måte som ikkje må sjåast som ubetydeleg.
- Ikkje inneheld alle dei opplysningar som er kravd.
- Ikkje gjev opp prisen, slik som føresett i konkurransegrunnlaget.
- Verkar unormalt lavt prisa i høve produktet det er gjeve tilbod på.
- Ikkje er underteikna, eller på grunn av andre atterhald ikkje kan sjåast som bindande
- Er gitt i strid med bestemmingane om deltilbod (jf. pkt. 4.9)

6. AVGJERD AV KONKURRANSEN

6.1 KRITERIA FOR TILDELING

Tildelinga vert gjort på det grunnlag av kva tilbod som økonomisk sett er mest fordelaktig, basert på kriteria under. Kravet til dokumentasjon er angitt i tabellen under.

Tildelingskriterium	Vekting %	Dokumentasjonskrav
Pris	60%	Utfylt priskjema Atterhald og avvik som har innverknad på pris
Plan for gjennomføring/tidsplan	20%	Framdriftsplan som viser oppstart og ferdigstilling av alle arbeid for dei ulike faga. Leverandøren skal også gjere greie for korleis han vil bemanne for å få arbeida utført.
Tilbydde løysingar	20%	Tilbydar må spesifisere oppbygning av konstruksjonar, samt levetid

6.2 PRIS

Pristilbudet skal vere komplett og inkludere alle nødvendige arbeid i prosjektet. Alle prisar skal vere inklusive gebyr og dekke alle kostnader, også reise- og opphaldskostnader, men eksklusive mva.

Det framkjem i tilbodsskjemaet kva element som inngår i prisevalueringa. Tilbudde prisar vil først verte justert for reknefeil. Deretter kan prisane i evalueringssamanheng verte justert for avvik og atterhald som ikkje er av ein slik art at dei medfører avvisning. Tilbudsskjema er vedlagt som vedlegg 1.

Kontraktsummen skal ikkje regulerast for lønns- og prisstigning.

6.3 PLAN FOR GJENNOMFØRING/TIDSPLAN

Tilbydar skal levere ein framdriftsplan som viser oppstart og ferdigstilling av alle arbeid for dei ulike faga. Arbeida skal starte mai/juni 2017 og avsluttast så snart som råd. Ved evaluering vert entreprenør vektlagt ved rask tidsplan. Tilbydar skal vise slakk i planen, samt vise til kritisk linje.

Tilbydar skal også gjere greie for korleis bemanninga er planlagt for å få arbeida utført.

6.4 KVALITET

Tilbydar skal spesifisere oppbygning av konstruksjonar, samt levetida. Vedlikeholdsfritt materiell og levetid vert vektlagt. Det er tilbydar sitt ansvar å synleggjere kvaliteten på tilbydde løysingar.

6.5 VEKTING

Vekting av tildelingskriteria skal skje på følgjande vis;

I vurderinga blir tilboda gitt poeng frå 1-10 for kvart av kriteria, der 10 er beste karakter. Kriteria er oppført med vekting, og det tilbodet med den høgaste samanlagde poengsummen, vert vurdert som det mest fordelaktige tilbodet. Oppdragsgjevar si vurdering i forhold til desse kriteria vil skje på bakgrunn av leverandøren sitt tilbod.

Omrekninga av pris til poeng vert gjort ut frå ein lineær funksjon der lågaste tilbodssum får 10 poeng og tilbodssum som ligg 100% høgare enn dette får 0 poeng.


NB! Det er leverandøren sin rett og plikt til å sjå til at det vert sendt med relevant dokumentasjon som gjer oppdragsgjevar i stand til å vurdere tilbodet i forhold til dei oppgjevne tildelingskriteria. Leverandørar som ikkje legg ved etterspurt dokumentasjon kan bli gitt eit lågare poengtal under dei einskilde tildelingskriteria.

6.6 INNSTILLING PÅ TILDELING AV KONTRAKT

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt, skal vere skriftleg, og sendast til alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med "kontrakt inngått" meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakta. Meldinga skal innehalde ei grunngjeving for valet og gje ein frist for eventuell innlevering av klage over vedtaket.

VEDLEGG

Vedlegg 1:	Tilbodsskjema
Vedlegg 2:	Bok 0
Vedlegg 3:	Funksjonsbeskrivelse
Vedlegg 4:	<u>Funksjonsbeskrivelse OPSJON</u>
Vedlegg 5:	Eigenerklæring offentleg innsyn
Vedlegg 6:	Eigenerklæring lønns- og arbeidsvilkår
Vedlegg 7:	SHA-plan
Vedlegg 8:	FDVU- dokumentasjon
Vedlegg 9:	Informasjon om fakturering
Vedlegg 10:	DAK manual
Vedlegg 11:	Teikningar
Vedlegg 12:	<u>Teikningar OPSJON</u>
Vedlegg 13:	Gamle teikningar av Ivar Aasen bygget
Vedlegg 14:	Vidareføring av trappesjakter til 3. etg
Vedlegg 15:	Bileter



Vedlegg 1

1. Generelt

Alle kostnader oppgitt i skjemaet skal vere eksklusive meirverdiavgift og oppgitt i norske kroner (NOK). Alle prisar gitt i anbudet skal vere fastprisar, utan regulering i lønns- og prisnivå. Prisane skal såleis vere faste frå anbudsdato til ferdigstilling.

Ved evaluering av tilboda vil prisen i tabell 1 vert lagt til grunn.

Pristilbudet skal inkludere naudsynte reise(r) for å utføre oppdraga, samt alle ytingar som framkjem av konkurransegrunnlaget. Alle relevante utgifter skal vere inkludert i anbudssummen.

2. Prissamandrag

Leverandør tilbyr å utføre kontraktarbeid iht. konkurransegrunnlaget for fast sum

Tabell 1: Anbudssum

1. PROSJEKTERING	Kr.	
2. RIGG OG DRIFT	Kr.	
3. BYGNINGSMESSIGE ARBEIDER	Kr.	
4. FDVU-DOKUMENTASJON	Kr.	
5. EV. KOSTNADAR (som entreprenør meiner må vere med og som ikkje er tatt med i postane over), spesifiser her:		
.....	Kr.	
.....	Kr.	
Total anbudssum eks. mva	Kr.	

3. Opsjonar

Opsjonane er skildra i eit eige dokument og merka som **Opsjon 1** og **Opsjon 2** "Konkurransegrunnlag Opsjon". Opsjon 1 og 2 vil også medgå i evalueringssummen i tabell i tabell 7.

Opsjon 1 – oppføring av 1 ekstra etasje

Tabell 2: Opsjonspris 1, oppføring av ei ekstra etasje med alt tilhøyrane materiell og arbeid, inkl. teknisk rom etc.

Opsjon 1	Pris
Oppføring av ekstra etasje	

Opsjon 2 – utvendig ståltrapp

Tabell 3: Opsjonspris 2, ståltrapp frå bakkeplan til tak, samt utgang til trapp i 2- og 3. etg. Skal inkludere brannvindaug ihht. krav til open rømningsstrapp, etc.

Opsjon 2	Pris
Ståltrapp og inkl. tilhøyrande arbeid og materiell	

4. Rekningsarbeid

Timesprisane oppgitt i dette kapittelet gjeld berre for eventuelle endrings-/tilleggs-/rekningsarbeid.

Timesprisar som vert oppgitt i tabell 7 og 8 skal vere inkludert alle sosiale kostnader, administrasjon, generalkostnader, verktøygodtgjersle, reise- og gangtid, riggandel og forteneste. Honorar som berekna i desse tabellane vil ikkje inngå i kontrakt, men sum i tabell vert nytta ved evalueringa av tilbod. Timesats vil inngå i kontrakt. Omfang av ev. endringsarbeid vil bli avrekna etter reelt medgått tid og gitte timesatsar.

Arbeid utført på timebetaling akseptert berre mot timeslister attestert av bestillar.

Tabell 4: Timespris prosjektering/prosjektleiing

Fagpersonar	Timesats kr/time	Omfang (timer)	Honorar (kr)
Prosjektleiing, prosjekteringsleiing		30	
Arkitekt		50	
Rådgivande ingeniør (byggteknikk, varme, ventilasjon, sanitær, elektroteknikk mm)		50	
Anna rådgivar (spesifiser)		20	
Sum prosjektleiing, prosjektering			

Tabell 5: Timespris handtverkarar

Kategori	Timespris fagarbeidar			Timespris læring/hjelppearbeidar		
	Timesats, kr/time	Omfang (timar)	Honorar (kr)	Timesats, kr/time	Omfang (timar)	Honorar (kr)
Grunn/betong		30			30	
Tømmer/stål		30			30	
Blikkenslager		30			30	
Rørleggjar		30			30	
Elektrikar		30			30	
Automatikk		30			30	
Arbeidande formann		30			30	
SUM fagarbeidar				SUM læring/hjelppearb		
Sum fagarbeidar, læring/hjelppearbeidar						

I tabell 6 skal tilbydar oppgi timessatsar for maskiner som skal nyttast ved eventuelle regningsarbeidar. Prisane skal vere inklusive alle påslag og for alt av maskiner og utstyr som entreprenøren og/eller hans underentreprenørar disponerar sjølv, og som skal nyttast under utføringa av kontraktarbeidet (timespris for maskiner og utstyr er inkl. fører, eks. mva.). Naudsynt vedlikehaldsarbeid og reserve-/slitedelar inkluderast. Prisane vert ikkje inkludert i evalueringssummen eller kontraktssummen, men timessatsen vil inngå i kontrakt.

Tabell 6: Timespris maskiner

Kategori	Type	Timesats

5. Påslag

Material

Påslagsprosent for material er ein faktor kor alle leverandørar sitt tillegg til netto inntakskost på material er inkludert, medrekna assurance, brekkasje, handtering og lagring på byggeplass, administrasjon, risiko, fortjeneste m.m. Påslaget bereknast ved å multiplisere netto, dokumentert inntakskost (faktura frå leverandør eks.mva.) med faktor gitt nedanfor. Det nyttast same påslagsprosent uansett fag.

Påslag for ev. ekstra rekvirert materiell/varer i arbeidsperioden:%

Ved evaluering av tilbod legg ein til grunn eit materialinnkjøp på 500 000 NOK, dvs. at det nyttast eit påslag berekna som:

$$P = kr. 500\ 000 * K_{mt} = kr \underline{\hspace{2cm}}$$

Summen for påslag, P, overførast til tabell 7. Og vil inngå ved evaluering av tilbod.

Maskin

Påslagsprosent for maskinleige er ein faktor kor alle leverandørars tillegg til utleigebyrå sine netto satsar på maskinleige er inkludert. Faktoren nyttast ved rekningsarbeid kor det nyttast utstyr/maskin som ikkje disponerast av entreprenøren.

Påslaget bereknast ved å multiplisere netto maskinleigesats eks mva med faktoren:

$$K_{mk} = \underline{\hspace{2cm}}\%$$

Påslag for maskinleige inngår ikkje ved evaluering av tilbod.

6. Hovudsamandrag/Evalueringssum

Tabell 7 inneheld alle delsummar i dei ulike kapitla i vedlegget og nyttast ved evaluering av tilbod. Kontrakt vil innehalde delsummar og einheitsprisar gitt i tilbod med ev. justeringar avklart ved kontraktsinngåing. Kontraktssum vil difor ikkje samsvare med sum i tabellen under.

Tabell 7: Samanstilling evalueringssum

Anbodssum overført frå tabell 1	Kr.	
Opsjon 1, overført frå tabell 2	Kr.	
Opsjon 2, overført frå tabell 3	Kr.	
SUM prosjektleiing, prosjektering overført frå tabell 4	Kr.	
SUM handtverkarar overført frå tabell 5	Kr.	
SUM materialar overført frå kapittel 5	Kr.	
EVALUERINGSSUM	Kr.	

7. Priskonsekvens

Dersom totalentreprenør har priskonsekvens på byte av farge på vegg, vindauge, dører, anna løysing på konstruksjon etc. kan dette oppgis i tabell under. Denne prisen vert ikkje inkludert i evalueringa, men går inn i kontrakta dersom byggherre ynskjar anna fargetone eller konstruksjonsløysing etc.

Tabell 8: Priskonsekvens

Konstruksjonsløysing/fargetoner/	Priskonsekvens

8. Oversikt over prosjekterande

Namn på ansvarlege prosjekterande knytt til oppdraget:

Tabell 9: Prosjekterande knytt til oppdraget

Fag	Prosjekterande

9. Oversikt over underentreprenører

Namn på underleverandører som skal utføre kontraktsarbeidet:

Tabell 10: Underleverandører knytt til tilbudet

Fag	Firma

..... (stad og dato)

.....
(forpliktande underskrift for leverandør)



Volda kommune

Kllimaskjerm Ivar Aasen bygget

Underlag prisførespurnad

Funksjonsbeskrivelse

Klimaskjerm, Ivar Aasen bygget

Funksjonsbeskrivelse - Totalentreprise

Volda kommune byr med dette inn til å gi tilbud på totalentreprise med forhandlingar i samband med gjennomføring av bygningsmessige ENØK-tiltak på Ivar Aasen huset i Volda. Dette i samband med Volda kommune sitt EPC prosjekt.

Det er tilbydar sitt ansvar å gjere seg kjend på byggjeplass med eksisterande bygningar. Tidspunkt for felles synfaring er måndag 03.10.2016 klokka 13.00, også beskrive i tilbodsinnbydinga.

Tilbodet skal leverast i lukka nøytral sending til:

Volda kommune
Servicekontoret
Stormyra 2
6100 Volda

Merka: "Klimaskjerm, Ivar Aasen bygget"

Innan: **Måndag 7.november 2016 kl.12.00**

Anbudsopning vert tysdag 1. november kl. 13.00.

ORIENTERING OM PROSJEKTET

Prosjektet skal gjennomførast som totalentreprise med forhandlingar. Som beskrive i tilbodsinnbydinga har Ivar Aasen bygget har gjennom Volda kommune sitt EPC prosjekt fått ei Enøk-analyse. Ved lønsomme tiltak kan ein få opptil 36 % reduksjon i energibesparelse, samt ca 61% ved større oppgraderingstiltak.

I dag er Ivar Aasen bygget eit to-etasje undervisningsbygg på ca. 2220m² og vert utleigd til høgskulen i Volda. Det er mange kontor, grupperom og undervisningslokaler, samt bokhandel og fellesområder i bygget.

Bygget er frå 1971 og er dei siste 45 åra gjort lite for å holde det ytre vedlike. Det er nettopp her at Volda kommune ynskjer ein klimaskjerm, ny ytre og moderne fasade, på Ivar Aasen bygget.

Tiltaka omfattar:

1. Nye heildekkande glasfasader av isolerte fasadesystem, på ny ringmur
2. Riving av takkonstruksjon til betongplate
3. Ny oppbygning av takkonstruksjon, samt takteking
4. Riving av eksisterande vindaugskonstruksjonar og overlyskupplar
5. Etablering av utvendig vindfang ved eksisterande inngangsparti
6. Forsvarleg handtering og deponering av avfall
7. Søknad

Viser for øvrig til teiningar.

Tiltakshavar ser for seg oppstart primo mai i samband med skuleferie, med mulig oppstart av rivinga/grunnarbeida noko før. Det er ynskjeleg med ei kort byggetid. Kontrahering er tenkt desember 2016.

Prosjektet ligg i Volda kommune ved rundkøyringa der ein tek av til Kvivsvegen og til sjukehuset. Rigg kan skje på parkeringsplassen til Ivar Aasen bygget

PROSJEKTADMINISTRATIVE RUTINER

Korrespondanse skal sendast med kopi til involverte partar, byggherre, prosjekterande, entreprenør og under-/sideentreprenørar.

Endringar og tilleggsarbeid skal varslas og avtalast pris på før utføring. Bestillingar skal gjennomførast slik det vert avtala ved kontraktsinngåinga. Bestillingar skal gjerast av byggjeleiar etter avtale med byggherre og entreprenør.

Teikningsutsendingar vert bestilt frå dei prosjekterande og betalt av entreprenør.

Totalentreprenøren er ansvarleg for at nødvendige kommunale løyver ligg føre i byggjefasa, samt søke om evt. midl. bruksløyve og ferdigattest.

TILLEGGSOPPLYSNINGAR

Ein vil kunne få nødvendige tilleggsopplysningar frå arkitekt og byggherre ved henvending heilt til det står att 6 dagar av innleveringsfristen. Desse vil bli distribuert til alle tilbydarane via doffin.

Generelt

Ein legg til grunn at tiltaka ikkje medfører vesentlege endringar i øvrig bygningsmasse som fylgje av ny bruk, nye reglar m.m. Tiltakshavar formulerar i eige skriv ein ønska opsjon som medfører ein ekstra etasje med dei konsekvensar det får.

19. Rivingsarbeid

Omfattar i hovudsak:

- Fjerning av eksisterande vindu og dører i 1. og 2. etasje. Fjerning av 18 vindauge tilknytt atrium og teknisk rom
- Fjerning av tilhøyrande foringar, fuger, beslag m.m.
- Fjerning av overlyskuplar med tilhøyrande foringar, fuger, beslag, belysning m.m.
- Fjerning av beskyttande kanalplast-kuppel over overlys.
- Fjerning av eksisterande tekking, isolasjon og opplekte trekonstruksjon på taket inkl. teknisk rom. Arbeid må planleggast slik at fare for lekkasje blir minimert.
- Fjerning av lys ved inngangspartiet.
- Slår vekk lause betongbitar og påfører ruststopp på eksisterande fasade, der det er nødvendig.
- Demontering av markiser

20. Bygning

Eksisterande bygg er utført i 3 etasjer, der 3 etasje er teknisk rom, samt atrium med overlys. Det er 1. og 2. etasje som i hovudsak er omfatta av denne entreprisa. Den 3. etg, består av eit mindre teknisk rom og overlys til atrium i 1- og 2. etasje, som eigentleg ikkje er ei full etasje. Ytterveggar på teknisk rom skal ikkje takast med. Det er eit betong-elementbygg frå tidleg 70-tal med stadstøpte dekker og isolerte brystningselement.

21. Grunnarbeid

- Byggegrep. Eksisterande masser langs fasadane skal fjernast slik at byggegrep skal kunne planerast med drenerande og berande masser til egna nivå for legging av ringmur. Tilbakefylling av drenerande masser (singel).
- Ringmur kan utførast i betong eller i prefabrikerte system som er godkjent brukt til dette formålet. Den skal vere isolert og ha utvendig kledning (beslag, sementplater el.l.)
- Avretting mot steinsetting/platting i nytt vindfang skal utførast som grunnlag for reim under glasveggar.
- Drenering rundt skal vidareførast i den form det har, evt. skadar som fylgje av gravearbeida må utbetrast.
- Ein kum som ligg tett ved eine hjørnet på Ivar Asen bygget må flyttast slik at den blir liggjande utanfor glasfasada. Sjå punkt 29.

22. Beresystem

Prosjektet vil ikkje medføre endringar eller tilføyningar i beresystemet.

23. Ytterveggar

Veggane må tåle mekaniske påkjenningar ein kan forvente den blir utsett for. Vind og diffusjonstett konstruksjon må vektleggast. Alle utvendige fuger skal utførast med to-trinns tetting. Særleg gjeld dette i overgangane mellom fasadesystem og gangbru/inngangsparti og tilstøytande bygg mot sør, samt på tak. Veggane skal også hindre vertikal spredning av brann og lyd, så nødvendig tetting i etasjeskiljet må takast med.

Fôringar skal danne innvendig tilslutning mot fasade, og samtidig dekke over sår etter riving av eksisterande vindu. Dei skal utførast som malte MDF-plater i topp og på sidene, og som 10mm corianplate i botn. Fôring skal ha ein lystona farge. Farge skal oppgjevast, samt priskonsekvens for endring av farge.

Veggar i nytt vindfang skal utførast som stavar mellom reimar oppe og nede, utsette i høveleg avstand for innsetting av nye vindauge.

Areal på glasfasada skal kontrollerast av totalentreprenør.

234. Vindauge og dører

Alle dører og vindauge skal minimum oppfylle de kvalitetskrav som blir satt av NDVK (Norsk dør og vindaugskontroll), samt NS 3420. Glass/vindu må oppfylle sikkerhet/personsikkerhet (viser m.a. til NS 3510:2015 "Sikkerhetsruter i byggverk - Krav til prosjektering og klasser for ulike bruksområde").

Klimaskjermen:

Nytt vindfang der det i dag er overbygd inngangsparti skal byggast opp som isolert stendarkonstruksjon med vindauge og dører i isolerte aluminiumsprofilar. Nødvendige beslag for utvendig og innvendig komplettering av konstruksjonen skal vere med i same overflateutførelse som vindauge. Innvendig del av vindfang skal ha glas frå golv til tak med forskriftsmessig sikring og merking.

Nye isolerte fasadesystem i glas skal danne yttervegg i bygget. Det er ynskje om å ha eit mørkare fasade uttrykk, referansebygg på farge kan vere som Ivar Aasengate 10 i Ørsta. RAL-farge skal godkjennast av arkitekt/byggherre. Fasadene skal ikkje kunne ha opningsmogleik. Klimaskjermen skal stå på nye ringmurar og forankrast i betong brystingselement i eksisterande fasade. Dei skal starte i nivå golv hovudetasje og slutte like ovanfor eksisterande gesims og slik danne ny gesims.

I bygget sine ytterhjørner skal ein minimal samlande profil nyttast.

Fasadane skal framstå «look-a-like» slik at vindauge og brystning skal ha same uttrykk i dagslys. Dette oppnår ein ved å nytte 3-lags glas med reflekterande belegg i vindaugsdelen og 2-lags glas med reflekterande belegg og lakka på baksida med aktuell farge i brystningsfeltet. Dei skal ha U-verdi i vindaugsfelt på max 0.8 W/m²K og i brystningsfelt på max 0,18 W/m²K. Dette skal oppnåast ved tilleggsisolasjon i brystning, i holrom mellom profilane. Slike eigenskapar for glaset kan ein finne i Pilkington Active Suncool 30/17 med to argonfylte holrom.

Volda kommune ynskjer å få ein priskonsekvens for sjølvreinsande film på yttersida av glasfasada.

For krav til ytterdører generelt vises til TEK - krav til automatikk mm for universell utforming må tilfredstilles. Alle karmoverføringar, magnet- og alarmkontakter skal monterast på fabrikk. Kablar skal ha skjult framføring på sikker side. Alt utstyr skal være FG klasset ihht. til bruksområde for bygget. Innbruddsikring ihht ENV 1627 WK.

Tilbyder skal oppgi fabrikat og spesifikasjonar i sitt tilbod.

Det skal etablerast ei skallsikring på bygget, med ARX låsesystem på alle ytterdører.

Entreprenør må få utarbeidet beslagsliste mm for godkjenning av byggherre.

Dører

Alle ytterdører til bygget skal bytast. Det skal vere automatisk skyvedør ved inngangen og inne i vindfanget. Samt to dobbeldører, der den eine fungerer som rømningdør og må dermed stette gitte krav for rømning.

	Antal	Dimensjon	Plassering	Kommentar
Automatisk skyvedør	2	Ca. 2,1x2,70	Ved inngangsparti	Min. høgde på 2,1
Andre dører, dobbeldør	2	Ca. 2,1 x 2,1	Begge kortsidane på bygget	Min. høgde på 2,1

Totalentreprenør kontrollerar dimensjon på dører ihht. prosjektering før bestilling av dører.

Dører som gitt i tabell ovanfor er eit minimum, då dette er mål på eksisterande dører.

Vindauge

	Antal	Dimensjon	Plassering	Kommentar
Overlysvindaug på sidevegg i atrium	18	2,73 x 0,87	Atrium	Eit av dei 18 vindauga skal vere opningsmogleik, plassering i teknisk rom.

Totalentreprenør kontrollerar dimensjon på vindaug før bestilling. Tilbodet skal inkludere byte av vindaug, nødvendige beslag og bygningsmessige arbeid, samt fôringar.

25. Dekker

Etasjeskille/ taket skal tilfredstille krav i gjeldande regelverk. Ved gjentetting av overlys i tak, er det viktig at det vert bygd ein haldbar konstruksjon med lang levetid. Tilstelling og komplettering av himling må påreknast i samband med gjentetting av overlys i tak.

Tilbydar må spesifisere oppbygginga av konstruksjonen i tilbodet. Himling skal ha ein lystona farge. Farge skal oppgjevast, samt priskonsekvens for endring av farge.

26. Tak

Yttertak skal tilfredstille krav i gjeldande regelverk i forhold til gjeldande lastar samt brukarkrav. Takkonstruksjonen skal ha lang levetid. Dette gjeld ved gjentetting av overlys i tak, samt i vindfang og tak på tak teknisk rom. Gesimsar skal førast opp som vidareføring av yttervegg. Taktekking skal føres over gesimskant og skal beskyttast av beslag i kant med fall innover. På gesimsar skal det i tillegg etablerast overløpsutløp montert ca 10 cm over takflata. Det skal etablerast fall til sluk. Fall til sluk skal vere min. 1:40 på ferdig takflate. Nedbøyning

pga. egenvekt og belastning på taket må ikkje gi mindre fall enn dette. Fall i renner og kilerenner skal vere min. 1:60

Hovudtak byggjast som kompakt tak og ha levetid på minimum 30 år. Takkonstruksjonen skal ha ein minimum u-verdi 0,13W/m²K. Isolasjonen skal beskjerast med fall mot sluk og koplast på eksisterande innvendig taknedløp.

Tilbydar skal spesifisere oppbyggnad på takkonstruksjon. Dersom tilbydar har ei anna løysing, kan dette oppgjevast med priskonsekvens


Det skal etablerast spilehimling av gran på svart duk i vindfanget. Himling i vindfang skal ha ein lystona farge. Farge skal oppgjevast, samt priskonsekvens for endring av farge.

29. Bygningsmessige hjelpearbeid VVS og elektro

To tekniske komponentar må flyttast i samband med realiseringa av fasadeendringa. Ein kum og eit strauminntak.

Kum og funksjonen av den er ukjent og ligg pr. i dag ikkje i arkivet til Volda kommune. Under synfaring vert denne kummen opna, for å gi informasjon. Det er nok å flytte denne kummen slik den kjem utanfor glasfasada.

Det elektriske skapet er straumforsyninga til Joplassvegen 8A, B og C. Denne må også flyttast utom glasfasade.



Volda kommune

Klimaskjerm Ivar Aasen bygget

Bok 0

1 ANSVAR OG FULLMAKT

Bok 0 gir generell informasjon om prosjektet og inneheld krav til Totalentreprenøren sine ytingar.

1.1 ORGANISERING

Byggherre:	Volda kommune
Prosjektnamn:	Klimaskjerm Ivar Aasen bygget
Arkitekt:	Bucci arkitekter

1.2 FRAMDRIFTSPLAN

Oppstart på prosjektet er ynskja i mai/juni 2017. Då begynner aktiviteten på skulen å avta mot sommaren, og det vil vere mindre personar som oppheld seg i Ivar Aasen bygget.

Det er ynskjeleg med så kort arbeidstid som mogleg, men realistisk. Skulen vil starte igjen i midten av august, så arbeid må koordinerast og SHA-plan må vidareutviklast mtp. arbeid i skulemånadane. Prosjektet skal vere ferdig innan 2017.

2 ANSVAR OG FULLMAKT

Volda kommune er byggherre/tiltakshavar. Totalentreprenør tar rolla som ansvarlig søkjar i dette prosjektet.

Totalentreprenør skal inneha rolla som ansvarlig prosjekterande i alle fag, samt ansvarlig utførande i alle fag. Totalentreprenøren skal også ivareta rollene for ansvarlig kontrollerande for prosjektering og ansvarlig kontrollerande for utføringa.

Totalentreprenøren- representert av SØK og PRO – vil vere kontraktmessig ansvarlig ovanfor tiltakshavar for at igangsetting rettidig vert sendt til plan- og bygningsetaten.

3 KRAV OG BESTEMMINGAR I AVTALEFORHALDET

3.1 KRAV TIL KVALITETSSIKRING

Alle kontraktspartar skal ha skriftlege rutinar for kvalitetssikring som tilfredsstillar krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven. Desse rutinane skal framleggjast for gjennomgang med Byggherren ved førespurnad. Totalentreprenøren skal dokumentere at kontroll er utført, og at resultatet er i samsvar med gitte krav.

Kontrollplanar skal minimum gje følgjande informasjon:

- Kontrollgrunnlag (krav/referanse)
- Korleis (prosedyre/sjekkliste)
- Tidspunkt (fast rutine/tidsfrist/milepæl)
- Ansvarleg (utførande/godkjenning)
- Varslig (byggherre/myndigheit)
- Dokumentasjonskrav (dokumentasjonskrav)

Avvik, feil, manglar

Avvik, feil og manglar skal registrerast og rapporterast. Totalentreprenør skal kartleggje betydning av eventuelle avvik, feil, manglar og rapportere dette til Byggherren med forslag til behandling av avviket.

3.2 KRAV TIL SIKRING AV SHA

Målsetjing for prosjektet er at det skal gjennomførast med null skade på menneske, eigedom, utstyr og miljø.

Førehandsmelding til Arbeidstilsynet i henhold til Byggherreforeskriftas §10 sendast inn av totalentreprenør.

Alle på byggjeplassen pliktar å overhalde dei reglar som framkjem her og SHA-planen, samt andre relevante lovar og forskrifter. Det visast her til blant anna Byggherreforskrifta, Internkontrollforskrifta, Arbeidsmiljølova og Forskrift om identitetskort (ID-kort) på byggje- og anleggsplassar.

Totalentreprenøren sitt arbeid med SHA skal planleggjast, gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast på lik linje som framdrift, økonomi og kvalitet. Det presiserast at arbeidet med SHA til ei kvar tid skal vere oppdatert med omsyn til endringar som til dømes nye framdriftsføresetnadar og tilleggsarbeid.

3.3 KRAV TIL TOTALENTREPRENØREN SIN SHA-DOKUMENTASJON PÅ BYGGJEPLASSEN

SHA-plan

Byggherren sin SHA-plan ligg vedlagt (Vedlegg 7). Totalentreprenøren skal vidareutvikle og halde vedlike Byggherren sin SHA-plan. SHA-planen skal baserast på gjennomført Risiko og Sårbarheitsanalyse. Byggherren påberoper seg retten til å kunne pålegge Totalentreprenøren å gjennomføre Risiko og Sårbarheitsanalyse, samt oppdatere SHA-planen for å ivareta forhold som Byggherren meiner er vesentleg.

Totalentreprenøren skal under utføringa melde avvik i SHA-planen, anten ved manglar eller i dei tilfeller arbeider og tiltak ikkje gjennomførast iht. planen. Totalentreprenøren skal sørge for at SHA-planen er lett tilgjengeleg og er gjort kjent for alle aktørar i prosjektet.

3.4 OPPFØLGING AV SHA ARBEIDET

Kabelpåvisning

Totalentreprenøren har ansvaret for kabelpåvisning og skal gjennomføre nødvendig undersøkingar før oppstart av arbeider. Kabelpåvisning skal dokumenterast og arkiveras i prosjektet sin SHA-perm. Totalentreprenøren har ansvaret for at kabelpåvisning gjerast kjent for sine underentreprenørar og leverandørar, og at det ved behov vert utført SJA før oppstart.

Sosial dumping

Totalentreprenøren skal sørge for å følgje opp at forskrift foom informasjons- og påseplikt, samt innsynsrett av 22. februar 2008 vert fylgt opp. Totalentreprenør skal når som helst kunne framvise for byggherren korleis forskriftskrava vert ivaretatt og kva kontrollar som er gjennomført.

Totalentreprenøren skal forsikre seg om at alt arbedi som skal utførast i prosjektet er underlagt ei kontrakt, og at alle kontraktar som inngås, i alle ledd, inneheld informasjon om at virksomheita sine arbeidstakarar minst skal ha lønns- og arbidsvilkår etter gjeldande allmenngjeringsforskrifter.

3.5 KRAV TIL SIKRING AV MILJØET

Avfallshåndtering

Totalentreprenøren skal utarbeide avfallsplan for sine arbeider iht. avfallsforskrifta.

Totalentreprenøren er ansvarlig for å etablere avfallsstasjonar og vedlikehald av desse. Konteinarane skal merkast tydeleg frå alle sider på eit forståeleg språk for alle, ev. forklarande symbol. Konteinarane skal tømast slik det til ei kvar tid er nok kapasitet til å motta avfall. Det skal til ei kvar tid vere ryddig rundt avfallsstasjonane. Mellomlagring av avfall skal ikkje forekomme.

Totalentreprenøren har blant anna følgjande ansvar og arbeidsoppgåver:

- Avfallshåndtering skal loggførast med omsyn til mengder og sluttdeponi iht. utarbeida avfallsplan. Avfallsleveransar og avfallsdeponering må kunne dokumenterast på førespurnad i form av vegesedlar frå avfallsmottak
- Deklarasjonsskjema skal fyllast ut ved borttransportering av farlig avfall, og deklarasjonsskjema skal følgje alle leveransar ved vidarelevering til godkjent mottak for farlig avfall. Eigen kopi skal føreligge på byggjeplassen og enkelt framvisast ved førespurnad.
- Per månad skal det rapporterast på levert avfall i perioden samt akkumulert mengde levert avfall.
- Utarbeide sluttrapport ift. Avfallsplan iht. krav i avfallsforskrifta.

Avfall frå byggeverksemda skal søkast redusert.

Forureining, utslepp og opprydning

Gjeldande lover og forskrifter skal følgjast for alle arbeider på byggjeplassen. Forureinande væsker som diesel, olje, kjemikaliar og liknande skal såleis behandlast og oppbevarast forskriftsmessig.

Ingen form for utslepp eller søl på byggjeplass eller tilstøytande avløpsnett tillatast Totalentreprenøren er ansvarlig for desse forhold på byggjeplassen og skal sørgje for å betale ev. rens, opprydning, masseutskiftning og dekke eventuelle følgjeskader (vegetasjon, dyreliv, reinseanlegg etc.)

Lagring/oppbevaring av potensielt forureinande stoffar som olje, kjemikaliar og frostvæsker skal lagrast på forskriftsmessig måte.

Støy

Totalentreprenøren må overhalde lovar og forskrifter om støy. Det er naboar i nærleik til byggjeplass.

Røykeforhald

Det er generelt røykeforbod på byggjeplassen. Det vil kun vere tillate med røyking på anviste plassar. Byggherren skal godkjenne dei anviste plassane før dei takast i bruk.

3.6 KRAV TIL REINT TØRT BYGG

RIF sin rettleiar for Reint Tørt Bygg (RTB) skal følgjas, og temaet skal ha fokus på byggherremøter.

Målsetjing er at forureiningar og fukt frå byggeperioda ikkje skal belaste inneklimate i det ferdige bygget, og at arbeidsmiljøet på byggjeplassen skal sikrast mot personskader og helsefare samt at det vert oppnådd ein driftsmessig effektiv byggjeplass.

ANSVAR FOR REINT TØRT BYGG

Totalentreprenøren har ansvaret for at både løpande rydding og reingjering samt den avsluttande byggjereingjeringavert utført. Det presiserast at byggjereinhald gjeld fram til overlevering til Volda kommune etter ferdigstilt arbeid.

Totalentreprenøren har ansvar for å fjerne avfall frå bygget, og er ansvarleg for å etablere og drifte felles avfallsstasjonar på byggjeplassen, herunder inngår tømning og retur av tomme konteinarar. Etter fullførte arbeidsoperasjonar skal arbeidsplassen snarast mogleg ryddast for alt materiell og utstyr.

3.7 KRAV TIL GJENNOMFØRING AV REINT TØRT BYGG

ANSVAR FOR REINT TØRT BYGG

Totalentreprenøren er ansvarlig for at alle transport- og rømningsveiar til ei kvar tid er fri for materiell og avfall. Entreprenøren er ansvarleg for rydding, orden, avfallsortering og fjerning av alt avfall etter dei arbeid som inngår i kontrakta. Ved avslutning av kvar arbeidsdag skal byggjeplassen vere ferdig rydda.

Totalentreprenør skal kontinuerleg sørgje for at det vert utført reingjering i holrom før lukking av konstruksjon. Reinhold før lukking av konstruksjonar skal dokumenterast.

RTB-SONER

Totalentreprenøren skal dele bygget inn i RTB-soner etter kvart som prosessen skrider fram:

Grøn sone: Råbyggfasen

Gul sone: Tett bygg med ikkje ferdige overflater (dører og vindauge montert)

Raud sone: Tett bygg med ferdige overflatar(golv, malte flater, himlingar, lister osv)

RTB-aktivitetar for kvar sone skal vere i henhold til RTB-handboka.

REINGJERING

Totalentreprenøren skal sørje for naudsynte løpande reingjering og borttransportering av støv, smuss og grovare partiklar i heile byggjefasa. Det skal sørgjast for at det vert utført reinhold etter sterkt forureinande aktivitetar og ved lukking av konstruksjonar.

Totalentreprenøren skal utføre avsluttande byggjereingjering både før det gjennomførast innregulering og teksting av tekniske anlegg, samt før bygget overleverast til Byggherren.

TØRT BYGG BESTEMMINGAR

Totalentreprenøren har ansvaret for å ivareta tilstrekkeleg fuktsikring av pågåande arbeider slik at gitte forskriftsvar gitt av lovar, forskrifter, RTB-handboka og byggjedetaljblader overhaldast. Byggjemetode og/eller vêrforhold kan føre til at totalentreprenøren må gjere ytterlegare tiltak for oppnå nødvendig fuktsikring.

Totalentreprenøren skal kontrollere alle konstruksjonar for fukt før lukking finn sted. Totalentreprenøren har varslingsplikt for byggherren slik at ein representant frå Byggherren har mogleik til å sjå konstruksjonane før lukking og innbygging.

Totalentreprenøren har ansvaret for at materialmottak, handtering og lagring av material ikkje påførast fuktskader som kan danne grobotn for mikroorganismar, nedbrytinga av organiske materialar og auka avgassing. Eventuelle skadde material skal fjernast og erstattast.

3.8 KRAV TIL UNDERENTREPRENØRAR/UNDERLEVERANDØRAR

Alle avtaler om underentreprisar skal innehalde likelydande bestemmingar om arbeidets utføring, forhold på byggjeplass og utføring som kjem fram i tilbodsunderlaget. Totalentreprenøren skal til ei kvar tid kunne dokumentere at den anvendte arbeidskrafta oppfyller kontrakta sine bestemmingar, herunder at kontraktsmedhjelparar og innleigd personell har oppfylt kvalifikasjonskrava som er gitt i tilbosinnbydinga.

Avtale med underentreprenør/underleverandør skal godkjennast av Byggherren. Byggherren kan nekte å godkjenne totalentreprenørens val av kontraktsmedhjelpar dersom det føreligg sakeleg grunn. Dette gir ikkje totalentreprenøren rett til godtgjersle for meirkostnadar dette måtte påføre han.

3.9 KRAV TIL PLANLEGGING

TOTALENTREPRENØRENS DETALJERTE FRAMDRIFTSPLAN

Ved innsending av tilbud skal entreprenøren ha satt opp ein overordna framdriftsplan som viser oppstartstidspunkt og ferdigstilling av alle arbeida for dei ulike faga. Etter kontraktsinngåing skal totalentreprenøren utarbeide ein detaljert framdriftsplan for arbeida. Planen skal frysast som opphæveleg plan for rapportering etter godkjenning av byggherren. Vidare skal ikkje planen endrast utan Byggherrens godkjenning.

Planen skal vise innarbeida nødvendig slakk/tidsmarginar som sikrar at totalentreprenøren når dato for ferdigstilling. Planen skal til ei kvar tid ha eit detaljeringsnivå som gjer dei eigna som eit hjelpemiddel til å planlegge, organisere, styre og kontrollere utviklinga av kontraktsarbeidet ved å samanhalde registrert resultat med planlagt resultat.

Omsynet til SHA skal takast i vare ved utarbeidinga av planen. Det vil seie at arbeidsoperasjonar som kan ha gjensidig negativ innverknad på kvarandre sikkerheitsmessig, ikkje skal gjennomførast samstundes.

Planen skal innehalde og vise aktivitetar i kontraktsperioden slik at desse dekker eit komplett arbeidsomfang for entreprisen, herunder prosjektering, prefab, montasje, bygging, testing og dokumentasjon. Dato for start, ferdigstilling og varigheita skal visast for alle aktivitetar. Viktige avhengigheit, arbeidsrekkefølger og kritiske aktivitetar skal visast.

Det skal også visast:

- Planlagde risikovurderingar og SJA
- Slakk
- Kritisk linje

TOTALENTREPRENØREN SIN BEMANNINGSPLAN

Totalentreprenøren skal levere ein bemanningsplan/ressursplan. Planen skal frysast som grunnlag for rapportering av verkeleg bemanning i forhold til planlagt bemanning.

3.10 KRAV TIL RAPPORTERING

Totalentreprenøren skal rapportere status kvar måned til Byggherren, seinast den 3. påfølgande måned. Månadsrapporten skal innehalde eit samandrag og overordna skildring av status for:

- Framdriftsmessige nøkkeltal med overordna vurdering
- Kostnadmessige nøkkeltall målpris/påløpt/planlagt påløpt
- SHA
- Ytre miljø
- Kvalitet
- Enkel skildring av SHA-arbeidet i perioden
- Enkel skildring av Miljø-arbeidet i perioden
- Enkel skildring av utført arbeid og viktige hendingar i perioden
- Skildring av avvik, årsaker og korrigerande tiltak
- Skildring av viktige saker som krev Byggherrens avklaring

Månadsrapporten skal ha detaljerte vedlegg som:

- Totalentreprenørens gjeldande detaljerte framdriftsplan med merkinga av verkeleg framdrift
- Samanlikning av totalentreprenørens planlagde bemanning og verkeleg bemanning
- Totalentreprenørens endringslogg
- Totalentreprenørens prosjektmeldingslogg

VARSLING/AVVIK

Dersom totalentreprenøren avdekker eit avvik eller varslar om eit endringsarbeid, skal totalentreprenøren sende melding til Byggherren.

ENDRINGSMELDING

Byggherren sender ut endringsmelding når Volda kommune ynskjer å utføre ei endring eller når det er eit resultat av godkjent krav frå totalentreprenør. Endringsmeldinga sendast for prising til totalentreprenør. Tilbodet frå totalentreprenør sendast i underskrive stand pr. e-post til Byggherren for vurdering, ev. attestasjon og vidare behandling.

Endringsmelding skal skildre omfanget av endringa og angi årsak til endringa. Endringsmeldinga skal utsendast etter kvar endring, uansett om den har økonomiske/framdriftsmessige konsekvensar eller ikkje.

KRAV TIL FAKTURERING


Krav til fakturering etter vedlegg 9

MØTESTRUKTUR

For møtestruktur gjeld bestemmingane i punkt 4 NS 8407. Byggherremøter avholdast normalt anna kvar veke, med mindre noko anna vatalast spesielt. Byggherren skal ha innkalling og møterett til byggemøter, særmmøter, prosjekteringsmøter og framdrifts/koordineringsmøter.

Vernerunder skal avholdast kvar veke. Totalentreprenøren kallar inn, leiar og fører referat. Byggherren skal innkallast og møter ved behov.

5



Volda kommune

**Kllimaskjerm Ivar Aasen bygget
Opsjonar**

Underlag prisførespurnad

Innhold

Volda kommune.....	1
1. Opusjonar.....	3
1 Omfang	3
2. Bygning.....	4
20.....	4
21 Grunn og fundamenter	4
22 Bæresystemer	5
23 Yttervegger	5
28 Trapper	8
281 Innvendige trapper	8
282 Utvendige trapper	9
29 Bygningsmessige hjelpearbeid VVS og elektro.....	9
6 Andre installasjonar	9
62 Person- og varetransport	9

1. Opsjonar

OPSJON 1:

Ekstra etasje m/tilhøyrande arbeid

OPSJON 2:

Utvendig ståltrapp m/ tilhøyrande arbeid

1 Omfang

Med bakgrunn i at Ivar Aasen bygget får ei oppgradering av ny moderne fasader, er det ynskje om å føre på ei ekstra etasje.

Funksjonen til etasje er ikkje kjent pr. no, men nokre retningslinjer er utforma under. Det er ynskja at etasje er tom, men tilrettelagt slik at det kan byggjast lettveggar, leggjast golv og himling når ein veit funksjonen på dette. Ytterveggane skal ha brystning lik som i etasjane under. Innvendige ytterveggar skal ha ei glatt overflate, samt ha ein lys fargetone.

Det skal ikkje leggjast noko belysning, varme eller sprinkelanlegg då dette vil kome under eit anna prosjekt.

Brannkonsept og RIByFy vil også kome under eit anna prosjekt, og skal ikkje inkluderast i dette tilbudet. Ein legg likevel til grunn for at vegg og takkonstruksjonen held krav etter TEK 10 ihht. til u-verdi og lydkrav.

Ventilasjonsanlegget vert ombygd i same tidsperiode som det vert ny glasfasade, så dette kjem heller ikkje under dette tilbudet. Arbeidet må planleggjast og koordinerast i byggeperioda, då det også vil skje andre arbeid.

Ein legg til grunn ei vidareføring av trappesjakter innvendig, samt ein OPSJON 2 med ståltrapp som rømning utvendig ved behov, dersom brannkonseptet viser seg at er mest hensiktsmessig. Brannkonseptet vert utarbeidd etter at funksjon på byggjet er klart, samt antal personar som er tenkt i 3. etg. Minner om at brannkonsept ikkje er ein del av dette tilbudet.

Det skal også vere eit teknisk rom på taket som skal inkluderast i tilbudet. Rommet vil vere ca. 10x6m og 2m høgt innvendig. Utforming og plassering av teknisk rom ihht. ventilasjonsleverandør. Teknisk rom skal også ha same uttrykk som glasfasada ellers. Tilkomst til teknisk rom må også inkluderast.

Opsjon 1 omfattar ei ekstra etasje på Ivar Aasen bygget. Funksjonen til denne etasje er ukjent pr. dags dato, men ein legg til grunn nokre rammer som skal fylgjast mtp. å gi tilbud på dette.

- Legg til grunn for at etasje vert brukt som kontorvirksomheit, med fleire vrimleareal/møtepunkt.
- Mindre møtelokaler (ca. 10-15 personar pr. rom)
- Toalettfasilitetar
- Kjøkenkrok(ar)

Etasja er tenkt levert tom, med minst mogleg støtter innvendig. Eksisterande innvendig bæring, samt fundamentar skal kunne tåle lasta av ei ny etasje. Ein kan vidareføre søyler og bereveggar som i etasje under, som eit maksimum av det som er ynskjeleg i 3. etasje.

Vidare arbeid i tillegg til funksjonsbeskrivelsen er:

- Nytt golv på betong dekket ihht til lydkrav. Golvet skal verre tilslutta glasfasada.
- Riving av teknisk rom, samt vegg og tak i overlyskuppelen/atriumet. Deponi av avfall skal inkluderast
- Gjentetting av holrom, samt legging av himling ved overlys i atriumet.

- Vidareføring av trappesjakt frå 2. etasje til 3. etasje (hol taking i eksisterande betongkonstruksjon)
- Minimum tak høgde frå ferdig golv til himling skal vere 2,7m
- Heis ved inngangspartiet
- Ekstra glasfasade for 3. etasje
- Nytt tak, skal leggjast som "kompakt tak" med nødvendig fall mot sluk.
- Bygningsmessig arbeid ihht. straum og stigeledning til teknisk rom.
- Søknad

Totalentreprenør er ansvarlig for søknadsdelen, samt at nødvendige løyver frå Volda kommune ligg klar før byggjearbeid. Beskrivelsen som følgjer under er det satt inn kapittelinnføringa frå funksjonsbeskrivelsen, samt tilleggsbeskrivelse for opsjonane.

19. Rivingsarbeid

I funksjonsbeskrivelsen:

Omfattar i hovudsak:

- Fjerning av eksisterande vindu og dører i 1. og 2. etasje. Fjerning av 18 vindauge tilknytt atrium.
- Fjerning av tilhøyrande foringar, fuger, beslag m.m.
- Fjerning av overlyskuplar med tilhøyrande foringar, fuger, beslag, belysning m.m.
- Fjerning av beskyttande kanalplast-kuppel over overlys.
- Fjerning av eksisterande tekking, isolasjon og opplepta trekonstruksjon på taket inkl. teknisk rom. Arbeid må planleggast slik at fare for lekkasje blir minimert.
- Fjerning av lys ved inngangspartiet.
- Slår vekk lause betongbitar og påfører ruststopp på eksisterande fasade, der det er nødvendig.
- Demontering av markiser

Opsjon:

Riving av atrium kuppelen, med overlysvindauge i sidevegger.

2. Bygning

20

Eksisterande bygg er utført i 4 etasjer, der arealet på nederste kjellaretasje (underetasje) er sterkt redusert, det same er ei inntrekt teknisk etasje på toppen. Det er 1. og 2. etasje som i hovudsak er omfatta av denne entreprisa. Den 3. etg, består av eit mindre teknisk rom og overlys til atrium i 1- og 2. etasje, som eigentleg ikkje er ei full etasje. Ytterveggar på teknisk rom skal ikkje takast med.

Det er eit betong-elementbygg frå tidleg 70-tal med stadstøypete dekker og isolerte brystningselement.

21 Grunn og fundamenter

I funksjonsbeskrivelsen:

-Byggegrøp. Eksisterande masser langs fasadane skal fjernast slik at byggegrøp skal kunne planerast med drenerande og berande masser til eigna nivå for legging av ringmur. Tilbakefylling av drenerande masser (singel).

- Ringmur kan utførast i betong eller i prefabrikerte system som er godkjent brukt til dette formålet. Den skal vere isolert og ha utvendig kledning (beslag, sementplater el.l.)
- Avretting mot steinsetting/platting i nytt vindfang skal utførast som grunnlag for reim under glasveggar.
- Drenering rundt skal vidareførast i den form det har, evt. skadar som fylgje av gravearbeida må utbetrast.
- Ein kum som ligg tett ved eine hjørnet på Ivar Asen bygget må flyttast slik at den blir liggjande utanfor glasfasada. Sjå punkt 29.

OPSJON 1

Ringmur skal prosjekterast til 3 etasjar, samt teknisk rom som ligg oppå taket. Teknisk rom vil ligge på taket med eit areal på cirka 10mx6m, med ei høgde på ca. 2 meter. Dette må takast omsyn til mtp. ekstra bæring i taket til ventilasjonsaggregat, samt vidareføring av laster til ringmur.

22 Bæresystemer

I funksjonsbeskrivelsen:

Prosjektet vil ikkje medføre endringar eller tilføyingar i bæresystemet.

OPSJON 1:

Det er gjort ei vurdering av innvendig bæresystem, samt eksisterande fundamentar på Ivar Aasen bygget. Konklusjonen er at bæresystemet til bygget vil kunne bere lasta til ei ny etasje. Entreprenør må kontrollere dette.

Bæresystemet innvendig er opp til totalentreprenør å løyse. Det er ynskjeleg med minst mogleg innvendig bæring, der ein legg til grunn bæring som i etasja under som eit maksimum av det som er ynskjeleg.

Det er ynskjeleg å vidareføre betong eller betongelement som bæresystem, og at dette vert prisa. Dersom totalentreprenør har andre løysingar på bæring kan dette spesifiserast i tilbodet, samt priskonsekvens.

23 Yttervegger

I funksjonsbeskrivelsen:

Veggane må tåle mekaniske påkjenningar ein kan forvente den blir utsett for . Vind og diffusjonstett konstruksjon må vektleggast. Alle utvendige fuger skal utførast med to-trinns tetting. Særleg gjeld dette i overgangane mellom fasadesystem og gangbru/inngangsparti og tilstøytande bygg mot sør, samt på tak. Veggane skal også hindre vertikal spredning av brann og lyd, så nødvendig tetting i etasjeskiljet må takast med.

Fôringar skal danne innvendig tilslutning mot fasade, og samtidig dekke over sår etter riving av eksisterande vindu. Dei skal utførast som malte MDF-plater i topp og på sidene, og som 10mm corianplate i botn. Fôring skal ha ein lystona farge. Farge skal oppgjevast, samt priskonsekvens for endring av farge.

Veggar i nytt vindfang skal utførast som stavar mellom reimar oppe og nede, utsette i høveleg avstand for innsetting av nye vindauge.

Areal på glasfasada skal kontrollerast av totalentreprenør.

OPSJON 1:

Yttervegg skal førast opp ei ekstra etasje, samt teknisk rom på toppen av taket.

234 Vindu og dører

I funksjonsbeskrivelsen:

Alle dører og vindauge skal minimum oppfylle de kvalitetskrav som blir satt av NDVK (Norsk dør og vindaugskontroll), samt NS 3420. Glass/vindu må oppfylle sikkerhet/personsikkerhet (viser m.a. til NS 3510:2015 "Sikkerheitsruter i byggverk - Krav til prosjektering og klasser for ulike bruksområde").

Klimaskjermen:

Nytt vindfang der det i dag er overbygd inngangsparti skal byggast opp som isolert stendarkonstruksjon med vindauge og dører i isolerte aluminiumsprofilar. Nødvendige beslag for utvendig og innvendig komplettering av konstruksjonen skal vere med i same overflateutførelse som vindauge. Innvendig del av vindfang skal ha glas frå golv til tak med forskriftsmessig sikring og merking.

Nye isolerte fasadesystem i glas skal danne yttervegg i bygget. Det er ynskje om å ha eit mørkare fasade uttrykk, referansebygg på farge kan vere som Ivar Aasengate 10 i Ørsta. RAL-farge skal godkjennast av arkitekt/byggherre. Fasadene skal ikkje kunne ha opningsmogleik.

Klimaskjermen skal stå på nye ringmurar og forankrast i betong brystingselement i eksisterande fasade. Dei skal starte i nivå golv hovudetasje og slutte like ovanfor eksisterande gesims og slik danne ny gesims.

I bygget sine ytterhjørner skal ein minimal samlande profil nyttast.

Fasadane skal framstå «look-a-like» slik at vindauge og brystning skal ha same uttrykk i dagslys. Dette oppnår ein ved å nytte 3-lags glas med reflekterande belegg i vindaugsdelen og 2-lags glas med reflekterande belegg og lakka på baksida med aktuell farge i brystningsfeltet. Dei skal ha U-verdi i vindaugsfelt på max 0,8 W/m²K og i brystningsfelt på max 0,18 W/m²K. Dette skal oppnåast ved tilleggsisolasjon i brystning, i holrom mellom profilane. Slike eigenskapar for glaslet kan ein finne i Pilkington Active Suncool 30/17 med to argonfylte holrom.

Volda kommune ynskjer å få ein priskonsekvens for sjølvreinsande film på yttersida av glasfasada.

For krav til ytterdører generelt vises til TEK - krav til automatikk mm for universell utforming må tilfredstilles. Alle karmoverføringar, magnet- og alarmkontakter skal monterast på fabrikk. Kablar skal ha skjult framføring på sikker side. Alt utstyr skal være FG klasset ihht. til bruksområde for bygget. Innbruddsikring ihht ENV 1627 WK.

Tilbyder skal oppgi fabrikat og spesifikasjonar i sitt tilbod.

Det skal etablerast ei skallsikring på bygget, med ARX låsesystem på alle ytterdører.

Entreprenør må få utarbeidet beslagsliste mm for godkjenning av byggherre.

Dører

Alle ytterdører til bygget skal bytast. Det skal vere automatisk skyvedør ved inngangen og inne i vindfanget. Samt to dobbeldører, der den eine fungerer som rømningdør og må dermed stette gitte krav for rømning.

	Antal	Dimensjon	Plassering	Kommentar
Automatisk skyvedør	2	Ca. 2,1x2,70	Ved inngangsparti	Min. høgde på 2,1
Andre dører, dobbeldør	2	Ca. 2,1 x 2,1	Begge kortsidane på bygget	Min. høgde på 2,1

Totalentreprenør kontrollerar dimensjon på dører ihht. prosjektering før bestilling av dører. Dører som gitt i tabell ovanfor er eit minimum, då dette er mål på eksisterande dører.

Dette utgår ved OPSJON

Vindaug

	Antal	Dimensjon	Plassering	Kommentar
Kommuneadvokat Reidar fortalte om kommunikasjonen siste åra og henviste til brev og møter i 2015, som var grunnlaget til forestående oppgradering av Ivar Aasen bygget. Reidar viste også til møtet som var i desember 2016 som gav grunnlaget for møtet 12.01.17 for å få avklaring av nødvendig vedlikehald på bygget. Det er også informert om at det kan etter høgskulen sitt ynskje vere full drift i bygget samstundes med oppgraderingstiltaka, men at det må vere god dialog mellom entreprenør, prosjektledarar og høgskulen. Den største belastninga på innvendig arbeid vert føretatt i sommarmånadane. Det vart også sagt at dagens kontrakt for leige av Ivar Aasen bygget bør ryddast opp i og bør vere av dagens standard.

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal sa noko om behovet for oppgradering av Ivar Aasen huset. Det er svært lite vedlikehald som er utført på Ivar Aasen huset sidan byggeår i 1971. Høgskulen har frå ei tid tilbake gitt beskjed om at ventilasjonen ikkje er tilstrekkelig, noko som er grunnen til at dette er inkludert i EPC prosjektet. Det har også vore litt vagt om kven som skulle ta kostnadane for oppgradering av bygget eller om bygget skulle vedvare etter 2020, ved høgskulen si utflytting. Konklusjonen til kommuna var å ruste opp bygget så snart som råd før det forfell meir.

Taket på Ivar Aasen bygget har passert si levetid og har lokale lekkasjeproblem. Synleg armering i betongkonstruksjonen er utsatt for korrosjon. Bere evna til bygget er ikkje svekka pr dags dato, men står i fare for å miste deler av bereevna si dersom større renoveringstiltak ikkje vert sett i gang i næraste framtid. Dette er grunnen til at kommuna ynskjer å ta desse oppgraderingane på bygget i år, og ikkje i 2020 når høgskulen har planlagt å flytte ut. Ein klimaskjerm (ny glasfasade) er den løysinga som er best i hensikt med å bevare eksisterande betong konstruksjon, samt tenke på energieffektivisering av bygget i samband med EPC prosjektet.

I forbindelse med ny klimaskjerm ser ein på utviklingspotensiale til bygget, samt mogleiken for å skaffe seg ekstra areal i sentrumsområdet i Volda. Noko som også kan vere av interesse for høgskulen seinare. Ein ser det som eit rimelegare alternativ å byggje tredje etasje i same byggjesteg som klimaskjermen, med tanke på å for flytte kostnadane for eit nytt tak til investering av tredje etasje. Tredje etasje vert sett opp som eit råbygg i første omgang, for seinare kunne tilrettelegge bruken for etasja.

Høgskulen presiserte at dei vurderer støy og støv som usikre moment når det er drift i bygget, samstundes som renoveringstiltaka vert gjennomført. Dei stilte spørsmålet på korleis full drift er forsvarleg i bygget og korleis dette kunne ivaretaast. Dei ser på renoveringa som ei belastning i deira arbeidstid. Det vil også denne sommaren vere eit større bruksbehov i Ivar Aasen bygget enn normalt. I dei utlyste konkurranegrunnlagane på renoveringstiltaka er det spesifisert at alt arbeid skal gjennomførast når bygget er i drift. Totalentreprenør har dermed teke hensyn til dette under sine tilbod til kommuna. Det er uansett viktig at alle partar har god kommunikasjon og ein detaljert framdriftsplan som syner når dei ulika arbeida vert gjennomført. Kommuna stiller seg også positiv til å sikre andre lokaler til tilsette ved høgskulen som har særskilte behov for eit anna kontorlokale, dersom belastninga er for stor.

Kommuna har vore i forkant med å få informasjon om moglege lokaler som kan vere avlastningslokaler for dei tilsette ved høgskulen i Volda. Statsbygg vart kontakta. Det var dette som gav grunnlag for høgskulen sin skepsis kring dette å flytte all drift ut av Ivar Aasen bygget.

Kommuna presiserer at drift i bygget kan kombinerast med renoveringstiltaka.

Leif Strand nemnte at asbest i ventilasjon kan forsinke prosessen og framdrifta av renoveringstiltaka. Polygon hadde utført noko arbeid med støvsuging av ventilasjonskanalane og at asbest var eit problem ved alle vegg gjennomføringar. Polygon ordna opp i dei lokale problema kring dette, men at kommuna kan forvente arbeid med asbest i renoveringstiltaka.

Høgskulen ynskjer at prosjektleiarane på renoveringstiltaka held eit informasjonsmøte for dei ansatte som jobbar på Ivar Aasen bygget. Dette for å avklare omfang av arbeidet, samt nødvendigheita for renoveringa av bygget. Til dette møte må ein legge fram ein framdriftsplan for arbeida som skal gjennomførast, samt dei fordelane ved å få dette gjennomført. Høgskulen presiserte at ein må skjerme eksamenstida mot støy, men at ein kunne nytte andre lokaler til skriftleg eksamen dersom det var naudsynt

Høgskulen ynskte å få vite konsekvensen dette ville ha for husleiga på Ivar Aasen bygget. Kommuna nemnte at dagens husleige er låg, og at ein såg for seg ei auke på husleiga når alle tiltaka på renoveringa er gjennomført. Høgskulen ba om å få eit nytt forslag på kontrakt og leigepris.

Dato
20.01.2017

Referent: Jeanette Brandal

Hei!


Eg syner til møte vi skal ha om EPC/rehabilitering komande veke. Eg sender over sak som formannskapet skal handsame 10. januar og kommunestyret 26. januar. Dei indre tiltaka og tiltaka med fasade/klimaskjerm mv er vedtekne og vert i saka tilleggsfinansiert. Vi vil i møtet komande veke drøfte praktisk opplegg for gjennomføringa, samt drøfte opplegg for nye kontraktsvilkår. Saka omhandlar også kor vidt kommunen skal ta i bruk opsjon på å byggje ei tredje etasje på Aasen-huset. Ei tredje etasje vil gi tettare utnytting av arealet på høgskuleområdet. Høgskulen har ikkje gitt noko vurdering av kor vidt ein har framtidig interesse for ev leigeareal i Aasen-huset utover planane om kunnskapspark. Eg sender over saka, slik at de på nytt får høve til å vurdere og ev gi attendemelding om Høgskulen sine syn og interesser i samband med den politiske handsaminga av saka.

<ftp://ftp.ssikt.no/Volda/Politiske%20dokument/Formannskapet%202017/20170110/ettersending-fsk-20170110.pdf>

helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Tlf 70058700/90053752
www.volda.kommune.no



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

16

HØGSKULEN I VOLDA

POSTBOKS 500
6101 VOLDA

Arkivsak nr.	Lopenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/1705	1258/2017	S02	SVK/ SONHAV	27.01.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - TILLEGGSLØYVING KLIMASKJERM OG ETABLERING AV 3. ETASJE IVAR AASEN BYGGET

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.01.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 3/17, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*
Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.
- 2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
- 3. Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Jeanette Brandal - sakshandsamar
Henrik Skovly - økonomisjef
Per Ivar Kongsvik - oppvekstsjef
Svein Berg-Rusten – konst. helse- og omsorgssjef

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jeanette Brandal	Arkivsak nr.:	2014/1705
		Arkivkode:	S02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/17	Formannskapet	10.01.2017
3/17	Kommunestyret	26.01.2017

TILLEGGSLØYVING KLIMASKJERM OG ETABLERING AV 3. ETASJE IVAR AASEN BYGGET

Handsaming:

Sakshandsamar Jeanette Brandal møtte og svarta på spørsmål frå kommunestyret.

Prøverøysting:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 16 røyster, 11 røysta imot.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet fekk 17 røyster og vart vedteke, 10 røysta imot.

Vedtak i kommunestyret – 26.01.2017

1. *Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*

Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

2. *Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
3. *Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Hogskulen har flytta ut.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt 06.01.17.

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal møtte og svarta på spørsmål frå formannskapet.

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kultur næringshage. Kunnskapsparken vert nemnd som potensiell leigetakar av bygget, jf. fvl. § 6, 2. l. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Formannskapet drøfta saka og om med slikt justert framlegg – Alternativ B:

1. *Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*

Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

2. *Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
3. *Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

Røysting:

Fellesframlegget, justert Alternativ B, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 10.01.2017 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)*

Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

2. *Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).*
3. *Det er potensiale for at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*

Administrasjonen si tilråding (i to alternativ):

Alternativ A

Kommunestyret vedtek ikkje å føre opp tredje etasje på Ivar Aasen-bygget ved Høgskulen. Avvik budsjettpris og kontraktssum for allereie vedteke tiltak/klimaskjerm vert dekt ved omdisponering av avsette midlar til opsjon tredje etasje Aasen-bygget.

Allereie finansiert gjennom EPC - prosjekt	Kr. 11.250.000
Bruk av opsjonsmidlar etablering tredje etasje Ivar Aasen bygget	Kr. 6.375.000
Sum finansiering	Kr. 17.625.000

Alternativ B

1. Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)

Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.

2. Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).
3. Ein føreset at 70 % av totale mva- utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.

Vedleggsliste:

K-sak 58/16 frå 26.05.16 – Gjennomføring av energitiltak i energispareprosjektet (EPC)

SAMANDRAG AV SAKA

I kommunestyremøtet 26.05.2016 vart det vedteke gjennomføring av EPC- program for Ivar Aasen-bygget til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar. Inkludert i dette var utvendig oppgradering av Ivar Aasen-bygget, klimaskjerm (ny fasade i glas), nytt inngangsparti og renovering av tak.

Tiltak er delt opp to anbud. Dei innvendige tiltaka, ventilasjon, energistyring mv, inngår i EPC-programmet der det er inngått kontrakt med NEE. Dei ytre tiltaka med Klimaskjerm mv vart trekt ut av programmet og innhenta eige anbud på. Det viser seg at anbudsprisane er noko høgare enn kostnadsestimatet, slik at det må til ei tilleggsføring.

I tillegg er det innhenta anbud på oppføring av ei tredje etasje på Aasen-bygget. Dette er ein opsjon som kommunestyret må ta stilling til om kommunen skal tiltre. I kommunestyret i K-sak 58/16 var det bedt om at dette vart handsama som eiga sak.

SAKSOPPLYSNINGAR

Utvendig oppgradering av Ivar Aasen i nær framtid er særns nødvendig for at kostnadane for vedlikehald og nødvendig oppgradering ikkje skal eskalere. Vindauger, fasade og tak er frå byggjeår i 1971. Eksisterande tak har lekkasjar, samt at det er fare for ytterlegare lekkasjar rundt overlysvindauga. Fasada har slått sprekker og armering er synleg. Her er stor fare for korrodering i armeringa dersom tiltak ikkje vert sett i gang. Bereevna til betongkonstruksjonen står i fare for å verte svekka så lenge armeringa er synleg og eksponert for vær og vind.

Det er teikna kontrakt med NEE for dei indre tiltaka i bygget. Gjennomføringa av desse vil gå sin gang. Denne saka handlar om dei ytre tiltaka med tilleggsfinansiering av allereie vedtekte tiltak for klimaskjerm, inngangsparti og tak, samt avklaring om kommunen skal tiltre opsjon på bygging av ei tredje etasje (uinnreidd). Saka er utgreidd med to alterantive løysingar:

- Avgrensa til tilleggsføring av klimaskjerm

- Tilleggsøyving av klimaskjerm og tiltre opsjon/vedta bygging av ei tredje etasje (ikkje innreidd)

Opsjonen må avklarast no ettersom det har samanheng med dimensjonering av tekniske anlegg, slik at ein kan ikkje kome attende til å vurdere dette seinare.

Alternativ 1 Tilleggsøyving klimaskjerm:

I kommunestyremøtet 26.05.2016, vart følgjande vedtak slik:

1. *Kommunestyret godkjenner gjennomføring av EPC-program for kommunale bygg til ei samla kostnadsramme på kr 56 millionar i samsvar med vedlegg A. Ordføraren underteiknar kontrakten med selskapet NEE.*

Administrasjonen har vurdert usikkerheita rundt kostnadsramma i EPC programmet på 56 millionar mot reglane for offentleg anskaffingar. Konklusjonen frå vurderinga gjer det hensiktsmessig å trekke ut utvendige oppgradering av Ivar Aasen-bygget, klimaskjerm, nytt inngangsparti og renovering av tak frå EPC prosjektet. Dette for å halde seg under terskelverdien for offentlege anskaffingar. Det vart trekt ut kr 9 mill. eks. mva frå EPC kontrakta. Desse 9 mill. eks. mva vert disponert i eigen regi til utvendig oppgradering av Ivar Aasen huset. Prisen på 9 mill. eks mva er ein budsjettpris som er estimert i EPC prosjektet. Pris oppgitt under kapittelet økonomiske konsekvensar er tilbodspris og reell pris for gjennomføring av klimaskjerm. Mottatt tilbud hadde høgre kostnad for delen kring klimaskjerm sett mot budsjettpris.

Kostnader ved etablering av klimaskjerm		
	Eks mva	Inkl mva
Klimaskjerm og nytt tak	13.100.000	16.375.000
Prosjektkost	1.000.000	1.250.000
Total kost ved etablering av klimaskjerm	14.100.000	17.625.000

Finansiering, etablering av klimaskjerm		
	Eks mva	Inkl mva
Bruk av avsette midlar EPC og opsjon 3 et.	14.100.000	17.625.000

Ved val av alternativ 1 vil kommunen ha dekning av tilleggsøyvinga ved bruk av avsett finansiering (låneopptak) i prosjekt EPC og opsjon tredje etasje Ivar Aasen bygget. Kommunestyret må da godkjenne bruk av midlar avsett til opsjon etablering av 3 et. for del finansiering av klimaskjerm.

Ivar Aasen huset har vore gjennom ei EPC analyse. EPC (Energy Performance Contracting) er ein modell for gjennomføring av energieffektiviserande tiltak. EPC inneber at ein ekstern aktør- ein energientreprenør- står for gjennomføringa av avtalte energitiltak og garantera investeringskostnadar, samt redusert energi og effektbruk for den valte pakka.

I tidlegare vurderingar, jamfør med EPC analysa på Ivar Aasen-bygget, er det eit sterkt oppgraderingsbehov på dette bygget. Taket har passert si levetid og har lekkasjar, samt at nåverande overlyskupplar utgjer fare for ytterlegare lekkasjar og større øydeleggingar.

Betongkonstruksjonen utvendig er også forfallen, der armering er synleg og utsatt for korrosjon. Bereevna til konstruksjonen er ikkje svekka per dags dato, men står i fare for å svekkast dersom armeringa korroderar og tiltak ikkje vert utført.

Innvendig oppgradering av Ivar Aasen bygget som nye aggregat, lys og ventilasjon vil verte gjennomført i avtale med EPC programmet og i kontrakt med NEE etter fastsette kostnader. Klimaskjerm og etablering av tredje etasje Ivar Aasen bygget som beskrive i avsnitt over var vurdert med budsjettpris. Dette vart trekt ut grunna dei offentlege innkjøpsreglane og kommunestyret sitt ynskje om å greie ut saka nærmare og få fastlagt kostnaden med realisering av tredje etasje.

Ved ein ny klimaskjerm og renovering av tak vert nødvendig vedlikehald av bygget ivaretatt. Ein klimaskjerm i glas er den mest funksjonelle løysinga for å kunne ivareta energimessige oppgraderingar i henhold til krav, samstundes som fasada ikkje forfell meir og bereevna vert styrka. Ny ringmur og klimaskjerm vil gi grunnlag til å bære den ekstra etasja som alternativ 2 beskriver.

I september 2016 vart det utlyst ein konkurranse på doffin, *Klimaskjerm Ivar Aasen bygget*. Klimaskjermprosjektet er basert på oppføring av ei ny ytre fasade i glas og nytt inngangsparti (vindfang), og renovering av tak. Prosjektet inkluderar også fjerning av overlyskupplar, som gir auka risiko for lekkasjar. I denne konkurransen vart det også utlyst to opsjonar, i samsvar med vedtaket i kommunestyremøtet som er gjengitt i saksutgreiinga.

Opsjon 1: Etablering av 3. etasje på Ivar Aasen huset. Denne opsjonen inkluderer to trapper til 3 etasje frå 2 etasje, samt glasheis med utgang i alle etasjane. Ein ser det som nødvendig å sette inn ny heis, då eksisterande heis ikkje går over 3 etasjar, samt for å sikre universell utforming av tredje etasje. Opsjonen gjeld for råbygg inkludert brystning på alle ytterveggar. Himling, golv og inndeling av rom er ikkje med i denne opsjonen. Tekniske fag som er inkludert er nødvendig arbeid i i tiulknytning til fungerande heis, automatiske dører ved inngangspartiet.

Opsjon 2: Utvendig open ståltrapp(rømingstrapp), dersom brannkonsept av Ivar Aasen-bygget syner at dette er nødvendig.

Alternativ 2: Tilleggsøyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget

I kommunestyremøtet 26.05.2016, vart følgjande vedtak slik:

- 2. Kommunestyret vedtek i tillegg oppføring av 3. etasje på Ivar Aasen-bygget ved Hogskulen til ei kostnadsramme på kr 16 millionar. Realisering med 3 etasje vil medføre at EPC-tiltaka på dette bygget kan reduserast med kr 9 mill, slik at netto kostnad råbygg for 3 etasje vert kalkulert til kr 7 mill.*

Under foresetnad av juridisk avklaring inngår 3. etasje som opsjon i utbyggingskontrakten.

Alternativt vert dette realisert som eige prosjekt med utlysning etter lov om offentlig innkjøp. I alle høve inneber dette vedtaket at 3 etasje vert å realisere.

Kommunestyret skal i eiga sak ta stilling bruken av bygget og finansiering av innreiing.

Ivar Aasen-bygget skal handsamast som opsjon i utbyggingskontrakten og kostnadsramma.

Kommunestyret vedtek utloysing av opsjon i eiga sak.

Kostnader ved etablering av klimaskjerm og tredje etasje råbygg		
	Eks mva	Inkl mva
Klimaskjerm og nytt tak	13.100.000	16.375.000
Opsjon 1, oppføring av tredje etasje	10.850.000	13.562.500
Opsjon 2, ståltrapp	550.000	687.500
Prosjektleiing og uføresette arbeid	2.000.000	2.500.000
Total kost ved etablering av klimaskjerm og tredje etasje råbygg	26.500.000	33.125.000

Finansiering ved etablering av klimaskjerm og tredje etasje råbygg		
	Eks mva	Inkl mva
Total kost ved etablering av alt. 2	26.500.000	33.125.000
Avsatte midlar frå EPC-programmet	-9.000.000	-11.250.000
Avsatte midlar i budsjett- og økonomiplanen 2017-2021	-12.800.000	-16.000.000
Sum		5.875.000
Behov for tilleggsfinansiering	4.700.000	5.875.000
+ utsett mva kompensasjon		5.450.000
Auka låneopptak før mva kompensasjon frå 2020*		11.325.000
Mva kompensasjon frå 2020		- 3.815.000
Netto kostnad etter mva kompensasjon frå 2020*		7.510.000

Manglande midlar for å kunne finansiere utvendig oppgradering av Ivar Aasen bygget er kr 5.875.000 + Kr 5.450.000 mellombels finansiering mva kompensasjon. Samla auka låneopptak på Kr 11.325.000. Under foresetnad av at heile bygget kan brukast til verksemd som er momsberettiga (kombinasjon av eige bruk og utleige til mva-berettiga verksemd), så får kommunen att Kr 3.815.000 etter justeringsregel frå år 2020 når Høgskulen har flytta ut. Sjå avsnitt om reglar for mva kompensasjon nedanfor. Basert på desse foresetnadene vert netto manglande finansiering etter kompensasjon blir Kr. 7.510.000

**Justeringsregel mva kompensasjon:*

I dag leiger Høgskulen Ivar Aasen-bygget. Høgskulen er ikkje mva-berettiga. Volda kommune får derfor ikkje mva kompensasjon så lenge høgskulen er leigetakar. Etter 2020 er det planlagt at Volda

kommune kan ta i bruk lokala til momsberettiga verksemd. Kommunen får derfor tilbake mva etter justeringsreglane frå dette året. Det betyr at kommunen får attende 70% av den mva som er innbetalt. Denne utbetalinga skjer årlig frå 2020 i dei 7 komande åra.

Ved oppføring av klimaskjermen vil ein byggje ein ny ringmur på utsida til bæring av klimaskjermen. Dette for å hindre meir belastning på eksisterande veggjar på bygget. I forbindelse med ringmur og bereevna til denne er det hensiktsmessig å ta ny klimaskjerm og ekstra etasje i same byggjesteg. Dette også med tanke på at eksisterande tak uansett må bytast. Finansieringa av taket vil då gå inn i finansieringa av tredje etasje.

Når ein samlar arbeidet i eitt byggjesteg vil ein få ei kortare byggjeperiode enn med fleire byggjesteg. Dette vil vere mindre belastande for brukarane og drifta av bygget.

Volda sentrum har lite sentrumsnære tomter for nybygg. Ved å tenkje framtidretta og utnytting av areal samstundes med oppgraderingsbehovet til Aasen-bygget vil det både gje økonomisk og miljømessig vinning. Ei ekstra etasje på Ivar Aasen-bygget vil gi ca. 1200 m² netto til næringsliv, kontor, undervisning etc. i sentrum av Volda. På sikt kan det vere rift om slike areal i sentrumsområdet. Pr i dag vil det vere mest realistisk å føre opp tredje etasje som eit råbygg, for seinare å kunne optimalisere funksjonen til brukarane av bygget. Dette må administrasjonen arbeide vidare med, samt kome med framlegg til kommunestyret for mogleg utleige. Det vert synt til kostnadsvurderingar under økonomiske konsekvensar.

Aasen-bygget ligg tett til opp mot trafikkert veg og rundkjøring som knytestpunkt mellom Sunnmøre og Sogn og Fjordane, samt at den planlagde tunnelen frå Furene vil ha sitt utløp i næleiken av denne rundkjøringa. Ved ny klimaskjerm og etablering av tredje etasje kan dette verte eit signalbygg, med god lokalisering for Volda kommune.

Høgskulen som leiger dette bygget i dag kan framstå som meir attraktiv, med ei ny moderne fasade.

Det kan vere alternative bruksområde for Aasen-bygget etter at Høgskulen flyttar ut. Konkret vert det arbeidd med å etablere ein kunnskapspark i bygget i samarbeid mellom Høgskulen, Sunnmøre Kultur næringshage og kommunen. Vidare vil det vere aktuelt å flytte læringscenteret frå Hamna 20 til dette lokalet. Coop har utbyggingsplanar for Øyra, og det kan også verte aktuelt for kommunen å finne nye lokale for dagsenteret for utviklingshemma også. Arealet ved Høgskulen kan i åra framover verte pressa med etablering av idrettshall, parkering mv, slik at det kan vere fornuftig med tettare utnytting. Ei ekstra etasje kan om nokre år verte eit viktig bufferareal for Høgskulen og truleg til ei leige som vil vere lågare enn Statsbygg sine vilkår.

Dersom kommunen byggjer tredje etasje så må det vere ut frå ei samla vurdering av at ein ser det som framtidretta med tettare utbygging på høgskuleområdet, og at det er økonomisk gunstig å byggje ei ny arealflate i samband med rehabiliterings-/EPC-prosjektet. Samtidig vil da kommunen ta på seg ein økonomisk risiko med tanke på om kommunen får positiv kost-/nytteeffekt av tiltaket. Kommunen må i alle høve pårekne å forskottere kapitalkostnadene med råbygget fram til det vert innreidd og teke i bruk.

Innreiing av tredje etasje:

Det er også ein konsekvens ved val av alternativ 2 at det må pårekne kostnader for innreiing i tredje etasje. Når ein veit kva funksjon denne etasje skal ha, må det også utarbeidast eit

brannkonsept for heile Ivar Aasen-bygget, slik at rømming og sikkerheit kan ivaretaast etter reglar og krav knytt til dette.

Samla innreiing estimert til Kr 8.000.000 eks mva / Kr 10.000.000 inkl mva. Erfaringsprisar for etablering av Kyrkjekontoret er brukt som bakgrunn i oppsettet.

Utleigemoglegheiter - utleige/drift økonomi:

Leigeprisar er vanskelig å seie noko om, då bruken og funksjonen ikkje er avklart. Ulik funksjon kan gi ulik leigepris. Ein kan ta eit utgangspunkt i at tredje etasje vert eit kontor/undervisningslokale. Med denne føresetnaden vil det vere naturleg å leggje til grunn dagens leigepris i Volda sentrum, kr 1.400 pr. m² pr. år.

Som byggeigar må ein ta høgde for vedlikehaldskostnader når ein ser på økonomien i prosjektet. Normtal for vedlikehald ligg på Kr. 200 pr. m² pr. år. Dette er tatt med i vurderinga saman med leigeinntekter og kapitalkostnader.

Eksemplar under er gitt ved ulike føresetnadar ved å behalde eksisterande storleik, deletablere ny tredje etasje og fullverdig etablering av ny tredje etasje. Alle døma tek utgangspunkt i at kommunen får leige ut lokala eller etablerer eigen bruk. Døma har også tatt høgde for utført arbeid i vedtatt prosjekt EPC og klimaskjerm/tak.

Høgskulen arbeider med nytt mediebygg og ser for seg fortsatt bruk av Ivar Aasen-bygget fram til nytt mediebygg står ferdig. Det har vore uttrykt at dette må skje innan leigekontraktene med Statsbygg går ut og skal vere reforhandla. Denne fristen er 31.12.20. Leigekontrakten mellom Høgskulen og Volda kommune for Aasen-bygget er gått ut og kommunen må forhandle med høgskulen om ny kontrakt og legevilkår. Legevilkåra i dag er kr 400 pr m² og er svært låge. Forhandlingar med høgskulen vil vere avgjerande for kva ny leige kan verte ut leigeperioden. Ved normal marknadsleige vil kommunen ha inndekning for dei tiltaka som er vedtekne.

Høgskulen i Volda er ein av dei få høgskulane i landet som ikkje har kunnskapspark. Det er nedsett prosjektgruppe som skal planleggje for kunnskapspark. Ideen er bygt på samarbeid med Høgskulen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda kommune som hovudsamarbeidspartar, og at kunnskapsparken vert lokalisert i Aasen-bygget. Volda kommune har forventingar om at Høgskulen vil vere ein aktiv pådrivar, og Volda kommune bør vere aktiv på tilretteleggingssida for å få dette til. Fylkeskommunen har løyvd midlar til forprosjekt, og på dette stadiet er ingen ting avklart omkring mogleg realisering av kunnskapspark ved Høgskulen.

Kommunen sjølve leiger i dag store lokale på Hamna 20 til opplæringscenteret og dagsenteret. Ei utbyggingsgruppe med m.a Coop arbeider med planar for Øyra-området. Dette inkluderer også Hamna 20, der bygget i framtida kan verte nytta til andre formål enn utleige til kommunen. Volda kommune må derfor vere budd på å flytte ut av Hamna 20 og finne andre lokale for læringscenteret og dagsenteret. Aasen-bygget vil vere godt eigna som lokale for læringscenteret. Ein må også vurdere moglegheiter for etablering av dagsenter i Aasen-bygget dersom det ikkje skulle verte kunnskapspark.

Alternativ 1: Leigeinntekter etter gjennomførte tiltak utan tredje etasje

Leigeinntekt potensiale utan tredje etasje			
	Antal m ²	Pris pr. m ²	Sum pr. år
To etasjer til utleige ca. 1000m ²	2000	1.4000kr	Kr. 2.800.000

Samla leigeinntekt ved å behalde eksisterande størrelse utgjer Kr 2.800.000. Ei slik leigeinntekt kan finansiere kapitalkostnad (renter/avdrag) på Kr. 55.000.000 i låneopptak. Dette med ei rente på 3% og 30 år avbetalingstid.

Situasjon der kommunen beheld eksisterande tal etasjar:

Investering	Eks. mva	Inkl. mva
Samla investering alle prosjekt	Kr. 19.000.000	Kr. 23.375.000

Samla investering utan 3 etg. vil være om lag Kr 19.000.0000 eks. mva / 23.375.000 inkl mva. (samla investering = investering gjort i denne aktuelle saka med klimaskjerm og skifte av tak + tiltak gjennomført i vedtatt EPC-prosjekt) Kapitalkostnad på dette totale låneopptaket vil vere kr. 970.000 + 400.000 (vedlikehald kostnad) = kr 1.370.000 i kostnad på bygget pr. år. Leigepotensiale er Kr 2.800.000 som gir kommunen eit handlingsrom på kr. 1.430.000. Dette kan nyttast til eksempelvis raskare nedbetaling.

Alternativ 2: Leigeinntekter ved etablering av tredje etasje

Leigeinntekt potensiale med tredje etasje			
	Antal m ²	Pris pr. m ²	Sum pr. år
Tre etasjar til utleige ca. 1000m ²	3000	1.4000kr	Kr. 4.200.000

Samla leigeinntekt ved val av alternativ 2 utgjer kr 4.200.000 Ei slik leigeinntekt kan finansiere kapitalkostnad (renter/avdrag) på om lag kr. 83.000.000 i låneopptak. Dette med ei rente på 3% og 30 år avbetalingstid. Leigeinntekta føreset at lokalet blir innreidd og kan leigast ut.

Leigeinntektene på denne ekstra etasjen kan finansiere eit låneopptak på kr. 28.000.000 åleine.

Situasjon med ny tredje etasje utan innreiing:

Investering	Eks. mva	Inkl. mva
Samla investering alle prosjekt	Kr 31.400.000	Kr. 39.250.000

Samla investering inkludert råbygg ny tredje etasje vil være på om lag kr. 31.400.000 eks mva / 39.250.000 inkl mva (samla investering her = investering gjort i denne aktuelle saka med klimaskjerm og skifte av tak, etablering av råbygg tredje etasje + tiltak gjennomført i vedtatt EPC-prosjekt). Kapitalkostnad på dette låneopptaket vil være om lag kr. 1.600.000 + 400.000 (vedlikehalds kostnad 2000m²) = kr 2.000.000 i kostnad på bygget pr. år. Leigepotensiale i dette eksempel der tredje etasje ikkje kan leigast ut (ikkje innreia) er kr. 2.800.000. Sjølv om kommunen ikkje skulle finne bruk til ny tredje etasje med ein gong vil

dei potensielle leigeinntektene kunne dekkje kapitalkostnad og vedlikehald, samt at ein har eit overskot på Kr. 800.000. Dette er basert på at kommunen leiger ut til dagens leigevilkår i Volda sentrumsområde.

Situasjon med ny tredje etasje innreidd og utleigt:

Investering	Eks. mva	Inkl. mva
Samla investering alle prosjekt	Kr. 39.400.000	Kr 49.250.000

Samla investering inkludert innreiing av ny 3 et. være om lag kr 39.400.0000 eks. mva. / kr 49.250.000 inkl mva. Kapitalkostnad på dette låneopptaket er om lag Kr. 2.000.000 + 600.000 (vedlikehalds kostnad) = kr 2.600.000 i kostnad på bygget pr. år. Leigepotensiale er Kr 4.200.000 som gir kommunen eit handlingsrom på kr. 1.600.000. Dette kan nyttast til f.eks raskare nedbetaling.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom kommunestyret går for alternativ 1 så vil det ikkje medføre auka låneramme i høve til det som er vedteke i gjeldande budsjett og økonomiplan. Det inneber at tredje etasje ikkje vert bygt, og del av finansieringa som er avsett til denne etasjen vil da verte omdisponert til å å dekkje opp tilleggsfinansiering til klimaskjermen.

Ved å gå for alternativ 2 som inneber bygging av uinnreidd tredje etasje i tillegg til tilleggsfinansiering av klimaskjerm. Dette vil representere behov for samla auka låneopptak på kr 11.325.000. Årleg utgjør dette ca kr 580 000 i auka årlege kapitalkostnader. Basert på føresetnadene kommentert ovanfor om bruk/utleige av bygget vil kommunen få att Kr 3.815.000 etter justeringsregel frå år 2020. (Netto manglande finansiering etter kompensasjon blir kr. 7.510.000)

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Utredning av bygging av ei ekstra etasje på Ivar Aasen huset vil vere i samsvar med fleire strategiar som er valt for å nå måla innanfor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

Temaområde:	Mål:	Strategi:
Attraktivitet	Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmogleikane i Volda	Styrke samarbeidet mellom kommuna, høgskulen og næringslivet
	Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad	Samarbeide med nærliggande kommunar om tilrettelegging av attraktive næringsområder i regionen.
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet	Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikling innafor privat og offentleg sektor.

		Legge til rette for fortetting i sentrum.
Volda i regionen	Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar	Styrke samarbeidet mellom kommuna, høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar.
	Styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon	Auke attraktiviteten til Volda sentrum og realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum
Klima og miljø	Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 30%.	Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg.
Tenester	Volda kommune skal ha eit god omdømme	Nytte StudiebygdA som merkevare og ha eit aktivt samarbeid med høgskulen, næringslivet, lag og organisasjonar.

Ved å samkøyre klimaskjerm og tredje etasje på Ivar Aasen-bygget (del 2) vil det verte mindre miljøtslepp og kortare byggjeperiode. Dette gir også minimale inngrep i naturen enn dersom ein bygger nytt bygg på ei lokalisering.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka står ein med to alternativ. Alternativ 1 er å gjennomføre allereie vedtatt plan med etablering av klimaskjerm der ein tilleggsfinansierar manglande finansiering etter anbod. Alternativ 2 er i tillegg å godkjenne bruk av opsjon i kontrakt om å etablere råbygg tredje etasje.

Ved val av Alternativ 2 må ein avklare framtidig bruk av ei ny tredje etasje. I denne utgreiinga må ein ta omsyn til kommunen sitt behov, kartlegge eventuelle behov for Høgskulen i Volda, samt være tett på i prosessen for etablering av kunnskapspark. Her representerer det sjølvstano noko usikkerheit. Administrasjonen må komme attende til kommunestyre med framlegg til bruk og eventuelt forslag til bindande avtaler som kan signerast før vurdering av låneopptak på sjøve innreiinga av tredje etasje. Ein må forvente at etasjen kan stå tom i ein periode før avklaringar på utleige. Ved utvikling av kontrakt på eksisterande utleigeområde i bygget, vil ein kunne stå med tom tredje etasje over tid og samstundes ha dekt inn kapitalkostnad på etablering av råbygget (sjå utgreiing av utleigemoglegheiter - utleige/drift økonomi). Det føreset at kommunen får leigekontrakt på vanlege legevilkår for kontorareal i sentrumsområdet.

I den tida Høgskulen leiger lokale vil ikkje kommunen kunne få mva- kompensasjon på investeringa då Høgskulen ikkje er mva berettiga. Dersom ein får utleige til momsberettiga verksemd etter 2020 vil ein kunne få att mva-kompensasjon etter justeringsregelen. Dette vil i praksis seie at kommunen vil oppnå refusjon på 70% av mva på investeringa som blir gjort. Dette vil kommunen få tilbakebetalt over 7 år i perioden 2020-2030.

Saka vert lagt fram med alternativ tilråding ut frå at det rår usikkerheit rundt økonomien knytt til bygging av tredje etasje. Med bakgrunn i kommunen sin pressa økonomi, og at tiltaket vart dyrare enn rekna med og krev tilleggsføring utover investeringsramma i økonomiplanen, rår

rådmannen primært alternativ A. Subsidiært ut frå at kommunestyret signaliserte ynske tredje etasje, og at dette er samfunnsmessig fornuftig, rår rådmannen til alternativ B.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
Eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Økonomisjefen, her
Høgskulen i Volda
Oppvekstsektoren
Helse- og omsorgssektoren

Odd Arne Nilsen

17

Fra: Jeanette Brandal <jeanette.brandal@volda.kommune.no>
Sendt: torsdag 2. februar 2017 08.59
Til: Tonny Pettersen
Emne: SV: Klimaskjerm Ivar Aasen bygget, kontraktsmøte

Skal sjå kva eg klarer å få til. Sjefen min ynskte å vere tilstades under dette møtet. Kjem attende ila. dagen om info!



Jeanette Brandal

Eigedom - Prosjektleder
Mobil 91746781
www.volda.kommune.no

Fra: Tonny Pettersen [mailto:tonny@pbygg.no]
Sendt: 2. februar 2017 08:53
Til: Jeanette Brandal <jeanette.brandal@volda.kommune.no>
Emne: Klimaskjerm Ivar Aasen bygget, kontraktsmøte

Hei

Det vart litt vanskelig på måndag til forslåtte tidspunkt. Er det mulig å framskynde møtet til kl 0900?. Ev finne ein annan dag, ikkje torsdag ettermiddag

Med venleg helsing

Prosjektbygg AS

Tonny Pettersen
Mob 90 63 44 46
Epost: tonny@pbygg.no

Besøksadresse: Vågsgata 21, 6091 Fosnavåg
Heimeside: www.pbygg.no

Fra: Jeanette Brandal [mailto:jeanette.brandal@volda.kommune.no]
Sendt: 5. januar 2017 15:36
Til: Tonny Pettersen
Emne: Klimaskjerm Ivar Aasen bygget

Hei. Godt nyttår.

Litt info om politiske møte og framdrift.

Vi har utarbeidd ei sak om opsjonen på Ivar Aasen bygget. Denne saka må først opp i formannskapet før kommunestyremøte.
Formannskapmøte er 10.01.2017 og kommunestyremøtet er 26.01.2017 i henhold til Volda kommune sin politiske møteplan for 2017.
Same dag eller dagen etterpå får vi svar på vedtaket opsjon eller ikkje opsjon.

Vedståelsesfristen på tilbudet etter konkurransegrunnlagets kap. 4.4 er 90 dager frå tilbudsfristens utløpsdato. Dette vil seie at vedståelsesfristen går ut 04.02.2017

Eg tar kontakt med deg så snart vi veit vedtaket.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.



Jeanette Brandal

Eigedom - Prosjektleder

Mobil 91746781

www.volda.kommune.no

18

Odd Arne Nilsen

Emne: VS: Kontrakt oversendt Klimaskjerm Ivar Aasen bygget
Vedlegg: Klimaskjerm, kontrakt.pdf

Fra: Jeanette Brandal [<mailto:jeanette.brandal@volda.kommune.no>]
Sendt: 6. februar 2017 15:00
Til: Tonny Pettersen
Kopi: Kjell Magne Rindal; Tor Vegard Søvik
Emne: Klimaskjerm Ivar Aasen bygget

Hei igjen.

Vedlagt ligg kontrakt.
Tilleggsdokumenta «Ansvar og kommunikasjon» og «Samhandlingsplan» vert ettersendt i morgon saman med alle vedlegga til kontrakta.



Jeanette Brandal

Eigedom - Prosjektleder
Mobil 91746781
www.volda.kommune.no

Formular for kontrakt om totalentreprise

Blanketten skal brukes ved inngåelse av kontrakt etter NS 8407 *Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser*.

1 Partene

Byggherre			
Navn	Organisasjonsnr.		
Volda kommune	939 760 946		
Adresse	Postnr.	Poststed	
Stormyra 2	6100	Volda	
Telefon	Mobiltelefon	E-postadresse	
70058700		postmottak@volda.kommune.no	

Totalentreprenør			
Navn	Organisasjonsnr.		
Prosjektbygg AS	966768673		
Adresse	Postnr.	Poststed	
Vågsgata 21	6090	Fosnavåg	
Telefon	Mobiltelefon	E-postadresse	
70087900		firmapost@pbygg.no	

Mellom kontraktspartene er det inngått følgende kontrakt:

2 Partenes representanter

Byggherrens representant er:			
Etternavn	Fornavn		
Brandal	Jeanette		
Adresse	Postnr.	Poststed	
Stormyra 2	6100	Volda	
Telefon	E-postadresse		
91746781	jeanette.brandal@volda.kommune.no		

Totalentreprenørens representant er:			
Etternavn	Fornavn		
Tonny	Pettersen		
Adresse	Postnr.	Poststed	
Postboks 183	6099	Fosnavåg	
Telefon	E-postadresse		
90634446	tonny@pbygg.no		

3 Kontraksbestemmelser

For denne kontrakten gjelder *NS 8407 Alminnelige kontraksbestemmelser for totalentrepriser*.

4 Kontraktsgjenstand

Totalentreprenøren påtar seg å levere følgende kontraktsgjenstand:

- Klimaskjerm Ivar Aasen bygget, samt oppføring av 3 et.
- Ny heildekkande glasfasade på ny ringmur
- Riving av tak konstruksjon, vindauger og overlyskupplar
- Tetting og bering ved overlyskupplar.
- Oppføring av 3. et., samt hull i eksisterande betongkonstruksjon til trappesjakter. Tett konstruksjon ihht. konkurransegrunnlaget.
- Etablering av vindfang ved eksisterande inngangsparti.
- Heis over 3 et.
- Søknad
- Forsvarleg handtering og deponering av avfall.

Følgende dokumenter inngår i kontrakten:

1. Tilbodsinnbyding utgitt på doffin den 22.09, revidert versjon med 15 tilhøyrande vedlegg, samt referat frå synfaring og eit dokument om tilleggssopplysningar.
2. Tilbod gitt av Prosjektbygg AS datert 03.11.2016.
3. Ansvar og kommunikasjon
4. Faktureringsinformasjon
5. Samhandlingsplan

De dokumentene som inngår i kontrakten, utfyller hverandre. Inneholder kontraktsdokumentene bestemmelser som strider mot hverandre, gjelder yngre dokumenter foran eldre. Løser ikke dette motstriden, gjelder spesielle bestemmelser foran generelle, og bestemmelser utarbeidet særskilt for kontrakten foran standardiserte bestemmelser.

5 Kontraktssum

Kontraktarbeidet skal utføres for:

Tilbudssum	Kr	22 780 000,00
Sum for eventuelle korreksjoner	Kr	0,00
Herav ytelses som er mva belagt, inkl. korreksjoner	Beløp	
tilbudssum:opsjon 1, elektroarbeid, brannisolering og sjølvreinsande film på glas	Kr	
	Kr	
	Kr	
Opsjon 2: 548.000,- ståltrapp ikkje inkludert i gitt tilbudssum	Kr	
Opsjon 3: solskjerming 725 000+366 000 og inkluderande el.arbeid 2000,- pr enhet, 114 stk. Avgjersle på eit seinare tidspunkt.	Kr	
Sum ytelses som er mva belagt ekskl. mva	Kr	22 780 000,00
MVA 25 %	Kr	5 695 000,00
Sum ytelses som er mva belagt inkl. mva	Kr	28 475 000,00
Kontraktssum inkl. mva	Kr	28 475 000,00

6 Indeksregulering

Alternativ 1: Kontraktssummen indeksreguleres.

Alternativ a: Kontraktssummen skal indeksreguleres etter totalindeksmetoden i henhold til NS 8407 punkt 26.2.

Alternativ a 1: Ved reguleringen brukes SSBs indeks "Boligblokk, i alt".

Alternativ a 2: Ved reguleringen benyttes følgende indeks:

Alternativ b: Kontraktssummen skal indeksreguleres etter delindeksmetoden. Følgende indekser og lønnsstatistikker skal følges:

Materialandel og lønnsandel:

Felles for a og b: Avregningsperioden fastsettes til

(Skal bare fylles ut dersom en annen avregningsperiode enn én måned gjelder.)

Alternativ 2: Kontraktssummen indeksreguleres ikke.

7 Regningsarbeider

Det er avtalt følgende timepriser for regningsarbeider inklusive påslag til dekning av indirekte kostnader, risiko og fortjeneste, men eksklusive merverdiavgift:

Prosjektleiing	Kr	850,00
Arkitekt	Kr	950,00
RIB, rådgivande ingeniør	Kr	950,00
Anna rådgivar, brann	Kr	1 000,00
Påslag for materialer:	%	15
Påslag for andre kostnader:	%	0

8 Totalentreprenørens sikkerhetsstillelse

Alternativ 1: Totalentreprenøren stiller sikkerhet for sine kontraktsforpliktelser med kr som tilsvarer 10 % av kontraktssummen. Sikkerheten nedtrappes etter overtakelsen i samsvar med NS 8407, punkt 7.2.

Sikkerhet i form av selvskyldnerkausjon stilles ved bruk av Byggblankett 8407 B

Alternativ a: Sikkerheten skal stilles i form av selvskyldnerkausjon.

Alternativ b: Sikkerheten skal stilles som forsikring som tilsvarer selvskyldnerkausjon.

Alternativ 2: I stedet for det som følger av NS 8407 punkt 7.2 avtales det følgende om totalentreprenørens sikkerhetsstillelse:

Alternativ 3: Totalentreprenøren stiller ikke sikkerhet.

9 Byggherrens sikkerhetsstillelse

Alternativ 1: Byggherren stiller sikkerhet for sine kontraktsforpliktelser med kr som tilsvarer 17,5 % av kontraktssummen, jf. NS 8407 punkt 7.3

Sikkerhet i form av selvskyldnerkausjon stilles ved bruk av Byggblankett 8407 C

Alternativ a: Sikkerheten skal stilles i form av selvskyldnerkausjon.

Alternativ b: Sikkerheten kan også stilles som forsikring som tilsvarer selvskyldnerkausjon.

Alternativ 2: Byggherren stiller ikke sikkerhet.

10 Forsikring

10.1 Forsikring av kontraktsgjenstanden

Alternativ 1: Totalentreprenøren forsikrer.

Totalentreprenøren skal forelegge byggherren forsikringsattestene for kontroll senest 17.02.2017

Alternativ a: Forsikringen gjelder inntil hele kontraktsgjenstanden er overtatt av byggherren.

Alternativ b: Forsikringen gjelder inntil alle arbeider vedrørende kontraktsgjenstanden er overtatt av byggherren.

Alternativ 2: Byggherren forsikrer.

10.2 Ansvarsforsikring,

Totalentreprenøren skal forelegge byggherren forsikringsattesten for kontroll senest 17.02.2017

11 Tidsfrister

Tidsfrister for totalentreprenøren:

Igangsettelse på byggeplassen: mai 2017

Sluttfrist: des 2017

Andre dagmulktbelagte frister:

Tidsfrister som ikke er dagmulktbelagt:

Tidsfrister for byggherrens ytelser:

Alternativ 1: For øvrig gjelder de tidsfristene som er oppført i de øvrige kontraktsdokumentene.

Alternativ 2: Ovenstående tidsfrister avløser de tidsfrister som er oppført i de øvrige kontraktsdokumentene.

12 Tiltransport

Totalentreprenøren kan få tiltransportert inntil (antall) sideentreprenører som blir hans kontraktsmedhjelpere.

